



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

## Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Verneområdestyret for SVR  
**Møtested:** Bykle Hotel  
**Dato:** 12.06.2019  
**Tidspunkt:** 09:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 95207083. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.



*Brotтели gard i Bykle kommune*

Foto: Jørn Haug

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Sidenr
ST 14/19	Godkjenning av innkalling og saksliste	5
ST 15/19	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar	5
ST 16/19	Orienteringer	5
RS 14/19	Referatsaker	
RS 15/19	Tillatelse til transport med snøskuter i forbindelse med frakt av nødvendig material, utstyr og proviant til støl ved Fiti (gnr/bnr 68/1) i Valle kommune, Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde	
RS 16/19	Innvilga søknad om dispensasjon til motorferdsel i samband med vinterøving i Frafjordheiane landskapsvernområde, Forsand, Gjesdal og Sirdal kommunar - Stavanger Røde Kors Hjelpekorps	
RS 17/19	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Hausen i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 37/14, Hjelmeland kommune	
RS 18/19	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Fidjastølen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 62/3, Gjesdal kommune - Henning Furenes	
RS 19/19	Innvilga søknad om dispensasjon til bygging av naust ved Steinkilen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommun	
RS 20/19	Svar på søknad om bruk av snøscooter i verneområdet SVR - Ormsavatn, gnr. 4, bnr. 3 i Bykle kommune. BL Bygg AS	
RS 21/19	Innvilget søknad om transport med snøskuter i forbindelse med frakt av utstyr og proviant knyttet til landbruk, Flekkefjord Heieselskap v/ Sverre Berrefjord	
RS 22/19	Tillatelse til transport med snøskuter i forbindelse med frakt av nødvendig material, proviant og utstyr til hytte ved Tjønndalen gnr/bnr 62/14	
RS 23/19	Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med renovering av DNT hytte på Sloaros, Bykle kommune- Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane.	
RS 24/19	Tillatelse til transport med helikopter gnr/bnr 8/1 i	

	Åseral kommune, SVR LVO- Atle Korsmo	
RS 25/19	Tillatelse til transport med helikopter knyttet til bygging av ny hytte gnr/bnr 8/1 i Åseral kommune, SVR-LVO- Atle Korsmo	
RS 26/19	Tillatelse til transport med helikopter gnr/bnr 2/59 i Åseral kommune, SVR LVO- Toril Hald Oftebro	
RS 27/19	Tillatelse til transport med snøskuter i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Livar Ravndal- driftesjef i Brokke-Upstad.	
RS 28/19	Tillatelse til transport med helikopter i SVR- Karl Martin Matningsdal, Bygland kommune	
RS 29/19	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Eikeskogstølen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 60/1, Gjesdal kommune - Eivind Haaland	
RS 30/19	Søknad om opparbeiding og preparering av skiløyper ved Ljosland- Stikkebosshei og Ljosland- Lakkenstova i Åseral kommune, SVR LVO	
RS 31/19	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Eidavatn turisthytte i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 144/1, Hjelmeland kommune	
RS 32/19	Tillatelse til transport med helikopter knyttet til oppsetting av ny hytte i Finndalen gnr/bnr 8/1- Åseral kommune, SVR LVO	
RS 33/19	Svar på søknad om landingsløyve for helikopter, 4/24 Øyvassbu i Bygland kommune	
RS 34/19	Innvilga søknad om helikoptertransport til Vasstøl, Skithol og Stakkstøl i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 38/1 og 39/2, Hjelmeland kommune - Klarfrid Mæland	
ST 17/19	Nilsebu Kraft A/S - Søknad om dispensasjon til utbygging av Gråfollåna i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 121/3, Hjelmeland kommune	6
ST 18/19	Preparering av skiløype til Sloaros i Bykle kommune. Førebuaende klagehandsaming.	17
ST 19/19	Søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i samband med filming til Lysebotn Opp, Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1-6, Forsand kommune - Axelar A/S	25
ST 20/19	Bygging av driftshusvære ved Ormsavatn, 6/14 i Bykle. Førebuaende handsaming av klage.	32
ST 21/19	Søknad om å arrangere feltdagar for ungdomsskuletrinnet. Håheller - Fossebu.	44

ST 22/19	Endring av retningslinjer for Grytdalen hytteområde i Sirdal kommune- Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde	49
ST 23/19	Eventuelt	55

**ST 14/19 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**ST 15/19 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**

**ST 16/19 Orienteringer**

**RS 14/19 Referatsaker**

**RS 15/19 Tillatelse til transport med snøskuter i forbindelse med frakt av nødvendig material, utstyr og proviant til støl ved Fiti (gnr/bnr 68/1) i Valle kommune, Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde**

**RS 16/19 Innvilga søknad om dispensasjon til motorferdsel i samband med vinterøving i Frafjordheiane landskapsvernområde, Forsand, Gjesdal og Sirdal kommunar - Stavanger Røde Kors Hjelpekorps**

**RS 17/19 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Hausen i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 37/14, Hjelmeland kommune**

**RS 18/19 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Fidjastølen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 62/3, Gjesdal kommune - Henning Furenes**

**RS 19/19 Innvilga søknad om dispensasjon til bygging av naust ved Steinkilen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommun**

**RS 20/19 Svar på søknad om bruk av snøscooter i verneområdet SVR - Ormsavatn, gnr. 4, bnr. 3 i Bykle kommune. BL Bygg AS**

**RS 21/19 Innvilget søknad om transport med snøskuter i forbindelse med frakt av utstyr og proviant knyttet til landbruk, Flekkefjord Heieselskap v/ Sverre Berrefjord**

**RS 22/19 Tillatelse til transport med snøskuter i forbindelse med frakt av nødvendig material, proviant og utstyr til hytte ved Tjønndalen gnr/bnr 62/14**

**RS 23/19 Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med renovering av DNT hytte på Sloaros, Bykle kommune- Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane.**

**RS 24/19 Tillatelse til transport med helikopter gnr/bnr 8/1 i Åseral kommune, SVR LVO- Atle Korsmo**

**RS 25/19 Tillatelse til transport med helikopter knyttet til bygging av ny hytte gnr/bnr 8/1 i Åseral kommune, SVR-LVO- Atle Korsmo**

**RS 26/19 Tillatelse til transport med helikopter gnr/bnr 2/59 i Åseral kommune, SVR LVO- Toril Hald Oftebro**

**RS 27/19 Tillatelse til transport med snøskuter i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Livar Ravndal- driftesjef i Brokke-Uppstad.**

**RS 28/19 Tillatelse til transport med helikopter i SVR- Karl Martin Matningsdal, Bygland kommune**

**RS 29/19 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Eikeskogstølen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 60/1, Gjesdal kommune - Eivind Haaland**

**RS 30/19 Søknad om opparbeiding og preparering av skiløyper ved Ljosland- Stikkeboshei og Ljosland- Lakkenstova i Åseral kommune, SVR LVO**

**RS 31/19 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Eidavatn turisthytte i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 144/1, Hjelmeland kommune**

**RS 32/19 Tillatelse til transport med helikopter knyttet til oppsetting av ny hytte i Finndalen gnr/bnr 8/1- Åseral kommune, SVR LVO**

**RS 33/19 Svar på søknad om landingsløyve for helikopter, 4/24 Øyvassbu i Bygland kommune**

**RS 34/19 Innvilga søknad om helikoptertransport til Vasstøl, Skithol og Stakkstøl i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 38/1 og 39/2, Hjelmeland kommune - Klarfrid Mæland**



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garanaset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/3526-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 04.06.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	17/19	12.06.2019

## **Nilsebu Kraft A/S - Søknad om dispensasjon til utbygging av Gråfollåna i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 121/3, Hjelmeland kommune**

### **Forvalters innstilling**

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 1 i føreskrift om vern av Lusaheia landskapsvernområde, naturmangfaldlova sin § 48, får ikkje Nilsebu Kraft dispensasjon til å bygge ut Gråfollåna.

Dei nye utbyggingsplanane medfører relativt avgrensa skader på naturmangfald og landskap, men den negative innverknaden periodevis redusert vassføring vil ha på landskapet, blir likevel vurdert til å være for stor til at det kan gjevast dispensasjon etter naturmangfaldlova sin §48, første ledd. Her er kravet at verneverdiane ikkje skal påverkast nemneverdig. Tiltaket vil derfor og være i strid med føremålet med vernet om å ta vare på eit særmerkt og vakkert høgfjellslandskap. Ein legg vidare til grunn at det ikkje er grunnlag for dispensasjon etter denne paragrafen sitt andre eller tredje ledd.

### **Saksopplysninger**

#### Vedlegg

- Søknad frå Nilsebu Kraft
- Direktoratet for naturforvaltning si klageavgjerd frå 2013
- Uttaler til søknaden
- Ecofact rapport – Nilsebu kraftverk – Virkninger på biologisk mangfold

Vedlegga vil bli sendt styremedlemmane på e-post.



### Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 24.05.2019, møte med søkar 28.02.2019, og Direktoratet for naturforvaltning si avgjerd i tidlegare klagesak datert 25.05.2013.

### Utbyggingsplanane

Nilsebu Kraft A/S søker om dispensasjon til å gjennomføre tiltak i samband kraftutbygging i Gråfolåna som ligg nord aust for Nilsebuvatnet i Hjelmeland kommune. Deler av prosjektet vil være lokalisert innanfor grensene til Lusaheia landskapsvernområde.

Gråfollånå har sitt utspring i Sandvatn som ligg søraust for Nilsebu og er ein del av Årdalsvassdraget. Åna drenerer til Nilsebuvatnet, som er det øvste magasinet i Lysebotn kraftverk. Nilsebuvatnet er regulert 17 meter med HRV på kote 731,4.

Kraftutbyggingsprosjektet vil utnytte et nedbørsfelt på 80 km<sup>2</sup>. Midlare årleg produksjon for utbygginga er berekna til 39,4 GWh, noko som tilsvara rein utbyggingspris på 2,46 kr/KWh.



Kart over lokalisering av tiltaket




Foto av Nilsebu og Nilsebuvatnet. Kraftstasjonen vil bli plassert i høgje biletkant.

Den omsøkte kraftutbygginga vil nytte fallet vel 100 m mellom ei lona nedstrøms Sandvatnet på kote 832 og Nilsebumagasinet på kote 731. Den aktuelle lona ligg innanfor grensa til Luseheia landskapsvernområde. I lona vil det bli etablert eit neddykka inntak for tunellen til kraftstasjonen. I lona vil det og bli bygd ein betongterskel som vil bli kledd med naturstein på begge sider. Terskelen har ein lengde på om lag 10m og ei høgde på om lag 1m. Under synfaringa 03.06.2019 opplyste søkar at terskelen vil bli bygd om lag 50m oppstrøms det som er skissert på kartet i søknaden slik at den blir betre skjult i terrenget.

Kraftstasjon plasserast i kanten av Nilsebumagasinet på utsida av grensa til verneområdet, om lag 300m sør for Nilsebu turisthytte. Denne vil bli oppført i byggeskikk tilpassa høgjellsmiljø. Tunellmassane er planlagt deponert i Nilsebuvatnet nær kraftstasjonen. Strømmen planleggast ført i sjøkabel i Nilsebuvatnet til Breiava kraftverk.

Dei nye planane er, med eit viktig unntak, nær identiske med planane det vart søkt om i 2010. I dei nye planane blir det lagt opp til at kraftverket stoppar produksjonen mellom 1. juli og 1. september, slik at vassføringa i Gråfolåna blir normal den tida på året det er turistar i området.

Søkar grunngjev tiltaket med mellom anna aukande behov for fornybar energi for å nå klimamålsettingane og økonomisk trygging av gardsdrifta for grunneigarane i Nilsebu kraft.



Skisse over utbyggingsplanene.



Foto av nedre del av elva og utsikta ned mot Nilsebumagasinet. Merka turløype går langs elva, litt opp i sida til høyre.



*Fra lon hvor det er aktuelt å etablere terskel med dykket inntak. Boreutslag i siden i bakre kant av bildet.*

#### Tidlegare sakshandsaming

Dispensasjonssaka vart første gong handsama av Areal og forvaltningsutvalet (AFU) i Hjelmeland kommune 06.10.2010. Rådmannen innstilte på at søknaden skulle bli avslått, men AFU gjorde på møte 08.12.2010 følgande vedtak:

*"Hjelmeland kommune gir dispensasjon frå verneforskrifta for Lusaheia landskapsvernområde som omsøkt. Dispensasjonen er gitt av di tiltaket ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig, og ikkje kjem i strid med verneformålet (Ofr naturmangfaldslova § 48).*

*Grunngjeving:*

*Produksjon av elektrisk energi i dette fallet var ikkje vurdert på vernetidspunktet.*

*Prosjektet har ingen innverknad på flora, fauna eller fisk. Samfunnsnyttan av ein produksjon av fornybar energi på opp mot 46 gwh, overstig med klår margin den negative effekt redusert vassføring vil gi på naturopplevinga. Oppleving av redusert vassføring vil først koma etter snøsmeltinga er slutt og bør i stor grad kunne kompensera med auka minstevassføring i turistsesongen (sommar). Storleiken på ei eventuell minstevassføring i turistsesongen må konkretiserast ikonsesjonshandsaminga."*

Hjelmeland kommune sitt vedtak vart påklaga av Fylkesmannen i Rogaland 06.01.2011. Klagen vart handsama av kommunen 25.01.2012. Hjelmeland kommune fant ikkje at klagen ga grunnlag for å endre eller oppheve eget vedtak. Klagen ble derfor oversendt Direktoratet for naturforvaltning som klageinstans 17.02.2012.

I sin handsaming av klagen, datert 24.05.2013, tok Direktoratet for naturforvaltning (nå Miljødirektoratet) klagen frå Fylkesmannen i Rogaland til følge og oppheva vedtaket til Hjelmeland kommune frå 22.12.2010. Direktoratet for naturforvaltning seiar vidare i si grunngjeving at: «Tiltaket er i strid med verneformålet siden det vil medføre vesentlige endringer i landskapets særpreg og karakter. Det er således ikkje hjemmel for tiltaket i naturmangfoldloven §48.»

Miljødirektoratet legg særleg vekt på at Gråfolåna er eit viktig og framtrudande landskapselement i området som vil bli vesentleg forringa ved ei kraftutbygging. Dette er ei vurdering som og står fast sjølv med krav om minstevassføring og tilpassa sommarvassføring. Miljødirektoratet kjem derfor fram til at: «..... en vannkraftutbygging i området vil endre landskapsinntrykket av dalføret og medføre en vesentlig endring av landskapets særpreg og karakter. Dette vil være i direkte strid med verneformålet for landskapsvernområdet .....».

I denne saka vil det og være relevant å vise til Miljødirektoratet si klagehandsaming av dispensasjonen til bygging av Pytten og Langvassåni kraftverk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde frå 10.02.2017. Her vart verneområdestyret sitt vedtak oppheva, med ei grunngjeving om at utbygginga ville medføre varige inngrep som ville innebere ei vesentleg endring av landskapet sin art og karakter. Utbygginga vart vurdert til å både påverke verneverdiane og være i strid med verneføremålet, og at vilkåra for dispensasjon etter naturmangfoldlova sin §48 dermed ikkje var oppfylt.

#### Vidare saksgang

Ved ein eventuell dispensasjon etter verneføreskrifta frå verneområdestyret vil saken følgje vanleg saksgang for denne type sakar. Dette minneberer at tiltakshavar sender ut ein melding om planane med eit forslag til konsekvensutgreiingsprogram. Dette vil bli sendt ut på høyring av NVE før dei fastsett det endelege konsekvensutgreiingsprogrammet. Deretter følgjer gjennomføring av konsekvensutgreiingane og innsending av konsesjonssøknad. NVE vil gje si innstilling i saka før OED fattar endeleg vedtak om ein eventuell konsesjon med tilhøyrande vilkår.

#### Uttaler til utbyggingsplanane

**Stavanger turistforening** tilrår i sin uttale, datert 08.05.2019, at søknaden om utbygging av Nilsebu Kraftverk blir avslått. «STF mener det ikkje er kommet noen nye momenter til saken, og anbefaler at søknaden om utbygging av Nilsebu Kraftverk avslås med samme begrunnelse som gitt av Direktoratet for Naturforvaltning i 2013.»

Stavanger turistforening har vidare desse hovudmerknadane til dei framlagte utbyggingsplanane for Gråfollåna:

- « 1. STF er kritisk til enhver form for vannkraftregulering i ethvert verneområde – herunder Lusaheia landskapsvernområde
2. STF mener at selv med krav om minstevannføring og tilpasset sommervannføring vil elva som et viktig naturelement i landskapsvernområdet bli forringet ved en utbygging.
3. Den foreslåtte utbyggingen vil skjemme en av de svært få gjenværende fjelldalene i Rogaland som er lite berørt av kraftutbygging – minstevannføring bøter ikke på dette
4. En utbygging i dette området er i direkte konflikt med STF sin virksomhet, og vil forringe kvaliteten på vårt tilbud».

**Villreinnemnda for Setesdalsområdet** tilrår i sin uttale, datert 10.05.2019, at verneområdestyret ikkje gir dispensasjon til utbygging av Gråfollåna. Dei uttalar vidare at:

«Gjennom Bern-konvensjonen har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. Då er det vesentleg at ein ikkje tillate byggetiltak som ytterligare vil påverke villreinen negativt. I tillegg til dels å liggje i landskapsvernområde ligg tiltaksområde i sin heilheit i nasjonalt villreinområde. Det er eit potensial for at Lusaheia kan få auka bruk av villeinen framover.



*Slik villreinnemnda vurderer det kjem inngrepa, sett i forhold til villrein, ikkje i direkte konflikt med verneformålet i landskapsvernområdet. Inngrepa kan heller ikkje betraktast som store. Det er likevel sær viktig at ein vurderer den totale belastninga villreinen i området er utsett for. Eit særpreg med Setesdal Ryfylke er ei rekkje naturinngrep som har bidrege til ei vesentleg fragmentering av området og som påverkar leveområda til villreinen. I tillegg til kraftutbygging er det vegutbygging, hytteutbygging, ferdsl med meir. Ein må unngå at ein bygger ned villreinen sitt leveområde bit for bit. Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.»*

**Fylkesmannen i Rogaland** tilrår i sin uttale, datert 04.05.2019, at verneområdestyret ikkje gir dispensasjon til utbygging av Gråfollånå. Dei uttalar vidare at:

*«Fylkesmannen meiner vassdragsverdiar som vernet av Lusaheia tok sikte på å verne for framtidige generasjonar, vil bli vesentleg redusert ved utbygging av Grofolåna. § 48 i naturmangfaldlova har klare vilkår om at tiltaket ikkje må vere i strid med verneformålet og ikkje skade verneverdiane nemneverdig. Begge vilkåra må oppfyllest for å kunne gi dispensasjon. Vi kan i dette tilfellet ikkje sjå at det er tilstrekkeleg heimel til å gi dispensasjon til omsøkte tiltak. Vidare vil dispensasjon også ha klart uheldig presedensverknad; noko som også skal vurderast ved handsaming etter § 48.»*

**Tilsynsutvalet for Lusaheia og Vormedalsheia** tilrår i sin uttale datert 22.05.2019 at verneområdestyret gir dispensasjon til utbygging av Gråfollånå. Dei uttalar vidare at:

*«Tilsynsutvalet for Lusaheia og Vormedalsheia er sett saman av representantar frå grunneigarane, Hjelmeland kommune, forvaltningsstyresmakta og brukarorganisasjonane. Ei av oppgåvene til tilsynsutvalet er å gje råd til forvaltningsstyresmakta i viktige og prinsipielle saker.*

*Utbyggingsplanane for Gråfollånå vart drøfta på møte 07.05.2019, og tilsynsutvalet ønskjer å gje denne uttalen til SVR. Uttalen vart vedtatt med 7 mot 3 stemmar.*

*Tilsynsutvalet er positive til dei nye utbyggingsplanane som er lagt fram og tilrår at SVR gir dispensasjon.*

*Utbygginga vil gje ein stor mengde kraft med svært små skadeverknadar for landskap og dyreliv. Etter dei nye planane kor vassføringa i Gråfollåna blir uendra i juli og august, vil også den negative verknadane for fotturistane i området bli svært avgrensa.*

*Tilsynsutvalet meiner og det er positivt at inntektene frå kraftverket kan være med på å trygge gardsdrifta for grunneigarane i området.»*

**Hjelmeland kommune** tilrår i sin uttale frå 27.05.2019 at det blir gitt dispensasjon til utbygging av Gråfollånå. Formannskapet handsama uttalen i møte 09.05.2019 og fatta følgjande samrøystes vedtak:

*«Hjelmeland kommune tilrår søknaden frå Nilsebu kraft om utbygging av Gråfollåna.*

- Kraftverket stoppar produksjonen mellom 1. Juli og 1. September.*
- Det skal takast omsyn til villrein i området under anleggsperioden.*

*Ein dispensasjon vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig og kjem ikkje i strid med verneformålet. (Jfr naturmangfaldslova § 48)*

*Prosjektet har ingen innverknad på flora, fauna eller fisk.*

*Samfunnsnyttan av fornybar energi på ca 39 Gwh, vil klart overstige ulempene med mindre vassføring.*

*Tiltaket vil ikkje føre til nye veganlegg.*

*Ein syner også til tidlegare positive vedtak i AFU i 2010.»*

#### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Lusaheia landskapsvernområde av 19.04.1991.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Fráfjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

#### Heimelsgrunnlag

Lusaheia vart verna ved Kongeleg Resolusjon av 19. april 1991.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i verneføreskriftene å ta vare på eit særmerkt og vakkert høgfjellslandskap som inneheld sjeldsynte og sårbare naturelement.

Verneføreskrifta inneheld ingen spesifikke dispensasjonsheimlar som omfattar tiltak i samband med utbygging av vasskraft. Det er derfor nødvendig med ein dispensasjon etter §48 i naturmangfaldslova dersom tiltaka skal kunne gjennomførast.

I §48 i Naturmangfaldslova heiter det at: *”Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig”.*

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. Ifølge rundskrivet må følgjende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon etter paragrafen sitt første ledd:

1. Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.
2. Tiltaket må ikkje vere i strid med formålet med vernet.

Miljødirektoratet understrekar at høvet til å gi dispensasjonar etter § 48 er snevert:

*”Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidige eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak”.*

I rundskrivet heter det vidare at: *”I vurderinga av om tiltaket eller aktiviteten er i strid med verneformålet, er betydningen for verneformålet både på kort og lang sikt relevant. Et tiltak eller en aktivitet kan være i strid med verneformålet dersom tiltaket eller aktiviteten på sikt eller over tid kan ha negativ innvirkning på verneformålet”.*

I Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Fráfjordheiane blir kraftutbyggingsaker omtala på s. 23-25. Her står det mellom anna i kapittel 2.2.2 Forvaltningsmål; at *«Omfanget av tekniske inngrep i samband med kraftproduksjon og overføring av straum, bør haldast så lågt som mogleg, og nye tekniske inngrep bør unngåast i urørte område, og i område som er viktige for villreinstamma».*

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Fráfjordheiane har forvaltningsmynde for Lusaheia landskapsvernområde.

## Vurdering

### Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Den planlagde terskelen ligg 832 moh i eit ope og snutt høg fjellandskap. Området er dominert av bart fjell med flekkvis vegetasjon bestående av lyng og gras artar. Gråfolåna renn vidare ned til Nilsebuvatnet (731 moh) over ein strekning på om lag 1.3km. På grunn av det store fallet renn Gråfolåna i fossar og stryk på denne strekinga. Området rundt Nilsebu er karakterisert av store blankskurte fjellparti, med store flyttblokker og lite lausmasser. Artsmangfaldet i og ved elva er typisk for fjellområda i Rogaland

### Innverknad på landskapet

Gråfolåna utgjer i dag et viktig og svært iaugefallande landskapselement i fjellsida og dalen opp mot det planlagde vassinntaket. Elvelaupet er sterkt preget av å ha stor variasjon i vassføring og grovt materiale i og ved elva vitnar om at det her kan gå store vassmengder. Kantsonene langs elva er dels utan vegetasjon som følge av erosjon frå vatn og is, og det er fleire parti med ur og blokkmark. Det meste av elva har lengre parti med styrk, mens den øvre del av elva har nokre rolege parti.

Den nedre delen av den berørte elvestrekninga er godt synleg frå hyttene ved Nilsebuvatnet.

Landskapet i Lusaheia er særmerkt og vakkert med store kontrastar mellom karrige høg fjellområde og frodigare dalar. I Rogaland fylkeskommune sin rapport «Vakre landskap i Rogaland» frå 1995 har Lusaheia fått høgaste verdiklassifisering.

Minstevassføringa vil bli fastsett av OED i konsesjonsvilkåra. I dei vidare vurderingane vil ein derfor ta utgangspunkt i ei minstevassføring tilsvarande 5% persentilen på, 0.32m<sup>3</sup>/sek i perioden 01.10-30.04 og 1.36 m<sup>3</sup>/sek i periodane 01.05-30.06 og 01-30.09, slik det og går fram av søknaden.

Med dei utbyggingsplanane det nå er søkt om vil den reduserte vassføringa først og fremst bli synleg vår og haust. I periodane mai-juni og september-november vil Gråfolåna berre ha minstevassføring med unnatak av flaumperiodar kor vassføringa er større enn slukeemna til kraftverket på 20 m<sup>3</sup>/sek.

Basert på vassføringsmålingar frå 2006-2008, som er framskaffa av søkar, vil ikkje vassføringa i Gråfolåna overstige minstevassføringa i meir enn om lag 15 av 90 dagar i tidsrommet september-november. I mai og juni vil vassføringa og bli redusert, men snøsmeltinga vil normalt sikre noko meir vassføring i elveleiet. Basert på dei same vassføringsmålingane frå 2006-2008 vil vassføringa i Gråfolåna overstige minstevassføringa i om lag 20 av 60 dagar i tidsrommet mai-juni. I desember-april vil og vassføringa så godt som aldri overstige minstevassføringa, men dette vil i liten grad være synleg på grunn av snødekket.

Terskelen som er planlagt bygd i ei av lonene i Gråfolåna vil være låg og forblenda med naturstein. På staden har elveleiet bratte kantar slik at terskelen berre vil være synleg på nært hald. Terskelen vil såleis ikkje utgjere eit dominerande framandelement i landskapet.

Sjølv med krav om minstevassføring vår og haust og normal sommarvassføring i juli og august, vil ånå som et viktig naturelement i landskapsvernområdet bli forringa ved ei utbygging. Verknadane av den reduserte vassføringa vil bli godt merkbar i periodar vår og haust når det berre er minstevassføringa som går i elvelaupet. Verneområdeforvaltar har derfor komet fram til at ei vasskraftutbygging i området i periodar vil endre inntrykket av dalsida, og medføre det som kan karraktriserast som ein



vesentleg endring av landskapets særpreg og karakter. Dette vil være i direkte strid med verneformålet for landskapsvernområdet, jfr verneføreskrifta kapittel III.

#### Innverknad på naturmangfald

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og tilsvarende informasjon i Temakart Rogaland. Ei viktig kjelde til kunnskap om naturmangfaldet i område er og Ecofact rapport 2009-36: Nilsebu kraftverk – Virkningar på biologisk mangfold.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område. I Ecofact sin rapport inneheld registreringar av biologisk mangfald med særleg fokus på raudlista artar. I rapporten kjem det fram at området er dominert av ordinær fjellvegetasjon, der innslag frå fattig rabbevegetasjon til blåbærbjørkeskog førekjem. Det er innslag av fattige myrer i området. Nokre vestlege oseaniske arter førekjem, og ein nærmar seg meir kontinental fjellvegetasjon. Artsmangfaldet er typisk for fjellområde i distriktet, med innslag av nokre mindre vanlege mosearter for Rogaland. I rapporten konkluderast det med at utbygginga det er søkt om vil ha få varige verknadar for det biologiske mangfaldet i og ved elva. Dei negative verknadane vil være avgrensa til forstyrring av dyrelivet i anleggsperioden og noko redusert utbreiing av fuktkevande mosar i vasstrengen.

#### Innverknad på villrein

Denne delen av Lusaheia blir brukt av villreinen både sommar og vinter, men bruken er relativt avgrensa og dreier seg i hovudsak om mindre bukkeflokkar. Dette blir og stadfesta av resultatane frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområdet har vore i nærleiken av Nilsebu den tida dei hadde sendar (2006-2010). Nyare GPS data frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) (2011-2019) har heller ikkje plott frå områda rett aust for Nilsebu, men det er gjort spreidde observasjonar av mindre bukkeflokkar dei siste åra. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det ikkje registrert villreintrekk i nærleiken av Nilsebu. Slik villreinen sin arealbruk av Lusaheia har vore dei siste åra, vil utbyggingsplanane for Grofollåna truleg ikkje ha andre negative konsekvensar enn ei avgrensa forstyrring i anleggsperioden. Sjølv om villreinen skulle ta dette område i meir regelmessig bruk på grunn av auka bestand eller nedbygging av vandringshinder ved Storsteinen, vil skadeverknadane av kraftutbygginga være relativt avgrensa.

#### Innverknad på kulturminne

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av tiltaka det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

#### Vurdering av presedensverknadar

Forvaltningssekretariatet kjenner ikkje til andre konkrete planar om kraftutbygging i Lusaheia eller nokon av dei andre verneområda i SVR. Dette skyldast truleg at potensielle søkarar ikkje har sett på dette som ein reell moglegheit. Ein må og være førebudd på at slike planar vil dukke opp, mellom anna i

form av O/U prosjekt, i samband med dei føreståande vilkårsrevisjonane for Ulla-Førre, Øvre Otra og Røldal-Suldal. Ein dispensasjon til kraftutbygging i eit verneområde vil dermed kunne få omfattande presedensverknadar.

#### Samla belastning

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er fleire tekniske inngrep i området ved Nilsebu. Nilsebuvatnet er utbygd i samband med Lyse reguleringane og har ei reguleringszone på 14 m. Det ligg to større bygningar og ei permanent stålbru nær Gråfolåna sitt utløp i Nilsebuvatnet. Stavanger turistforening si sjølvbetente hytte Nilsebu vart bygd i 1911, men har vore utvida fleire gonger og seinast i 1981. Hytta har nå eit areal på 145m<sup>2</sup> og 28 sengeplassar. I 2017 hadde Nilsebu 500 overnattingar fordelt på 43 i vintersesongen og 457 i sommarsesongen. Til saman 316 eller 70% av overnattingane i sommarsesongen er i juli og august når vassføringa i Gråfolånå er uendra. Like ved turisthytta står Nilsebu sameige si driftehytte. Hytta på om lag 40m<sup>2</sup> vart bygd i 1997 som erstatning for ei eldre hytte. Hytta har 10 sengeplassar og blir i hovudsak brukt i samband med tilsyn og sanking av sau.

Frå Nilsebu går det tre merka turistløyper mot aust, ei til Eidavatn, ei til Litle Aurådal og ei til Grautheller. Løypa til Litle Aurådal går på nord og austsida av Gråfolåna nær både elvelaupet og betongterskelen. Det ferdast om lag 150 fotturistar etter denne stien kvart år. Både det regulerte Nilsebuvatnet og dei to hyttene ved Nilsebu ligg rett på utsida av vernegrensa.

Delar av Lusaheia landskapsvernområde er frå tidlegare påverka av kraftutbygging. I sørenden av Årdal Krymlevatn er det to demningar som gjer at vatnet nå drener nordover til Blåsjø i staden for sørover til Storådalen. Vassføringa i Storådalen er sterkt redusert og det er bygd tre tersklar for å sikre vasspegelen i lonene i dalbotn. Denne ånå munnar ut i Nilsebuvatnet 400m nordvest for Nilsebu.

Ei utbygging av Gråfolåna vil medføre ein auke av den samla belastninga på Lusaheia landskapsvernområde. Sjølv om den negative innverknaden av dei nye utbyggingsplanane er relativt avgrensa, vil ein ny del av verneområdet bli påverka av kraftutbygging. Ved ei utbygging vil begge dei store vassdraga som munnar ut ved Nilsebu få redusert vassføring delar av året.

Vasskraftutbyggingane i området var eit tema i verneplanprosessen når grensene for landskapsvernområdet vart fastsett, og avvegingar mellom utbygging og vern er såleis allereie gjennomført. Det må også påpeikast at svært mange vassdrag i regionen allereie er utbygd og at uregulerte vassdragsstrekningar har ein særskild verdi.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Søkar har lagt fram utbyggingsplanar som så langt det er mogleg tek omsyn til landskapsverdiar og naturmangfald.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

#### Konklusjon

Den omsøkte utbygginga av Gråfolånå har relativt små negative konsekvensar for naturmangfaldet i område. Dei nye utbyggingsplanane tek og større omsyn til landskapsverdiane når vassføringa om sommaren blir uendra. Likevel må dei negative verknadane av redusert vassføring resten av året vurderast som for omfattande til at det kan gis dispensasjon etter naturmangfaldlova sin §48, første ledd. Verneverdiane vil bli nemneverdig påverka og tiltaket vil være i strid med verneføremålet.



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjth@fylkesmannen.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2018/1426-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 25.04.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	18/19	12.06.2019

### **Preparering av skiløype til Sloaros i Bykle kommune. Førebuande klagehandsaming.**

#### Vedlegg

- 1 Klage på vedtak - preparering av skiløype til Sloaros i Bykle kommune, Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde (SVR).docx

#### **Forvalters innstilling**

*I tråd med forvaltningslova § 33 har verneområdestyret gjort ei førebuaende handsaming av klagen frå villreinnemnda datert 22.2.2019. Verneområdestyret tar klagen frå villreinnemnda delvis til følgje. Bykle kommune får løyve til å preparere løypa til Sloaros men avgrensa til påska.*

*Vedtaket fatta av verneområdestyret 7.2.2019 vert endra til:*

*Med heimel i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. 5.5 vert Bykle kommune gjeve løyve til å maskinpreparere skiløypa frå Storenos 1 til Sloaros i tråd med gjeldande kommuneplan.*

*Løyyet vert gjeven med følgjande vilkår:*

- *Preparering skal avgrensast til perioden fredag før palmehelga til 2. påskedag der denne ikkje er seinare enn 24. april.*
- *Om det under oppkøyring er villrein i eller nær traseen, skal løypekøyraren straks vende og køyre tilbake i dei oppkøyrde spora med berre belte og ikkje sporsetjaren nede i snøen. I slike tilfelle skal tiltakshavar konsultere forvaltningsstyresmakta før løypa eventuelt blir køyrd opp att. Forvaltningsstyresmakta kan trekke tilbake løyve gitt etter første ledd dersom det*

er naudsynt av omsyn til villreinen. I forståing av kva som er villrein «i eller nær traseen» skal det som hovudregel leggst til grunn om ein ser villrein i ei sone på 500 m. på kvar side av traseen.

- Kommunen må ha ein tett dialog med lokalt SNO slik at ein så langt som råd har ein god oversikt over kva område det er villrein.

Løyvet gjeld for to år, dvs 2020 og 2021. Innan 1. juni kvart år skal det sendast inn ein kort rapport om røynsla frå preparering.

Som grunngeving for avgjerda legg verneområdestyret vekt på at det ikkje er tilrådeleg å styre og kanalisere ferdsel inn i viktige vinterbeiteområde for villrein. Villreinens områdebruk er godt dokumentert gjennom GPS-merkeprosjektet og røynsla frå maskinpreparering i 2018. Om traseen først er opna vil det i seg sjølv kunne føre til at dyra held seg borte frå nærområda. SNO har også avgrensa oversyn over kor dyra står til ein kvar tid.

Maskinpreparering i påska tillatast da det gjeld eit kort tidsrom og ei tid på året der maskinpreparering kan ha ein viss kanalisierende effekt. Det synast også å vera ein tendens til at dyra i nokon grad trekk ut i andre område seint i sesongen.

For dei delane av klagen som ikkje er teken til følgje vert saka sendt Miljødirektoratet for handsaming. Dette gjeld klagar sitt krav om at det ikkje skal opnast for preparering av traseen i det heile tatt. Spørsmålet knytt til kva som skal reknast som vinterferieveker vert ikkje aktuelt så lange preparering vert avgrensa til påska.

## Saksopplysninger

Verneområdestyret fatta i møte 7.2.2019 vedtak om å gi Bykle kommune løyve til maskinpreparering av løypa til Sloaros. Villreinnemnda for Setesdalsområdet klaga på vedtaket i brev datert 22.2.2019 (sjå vedlegg 1). Verneområdestyret skal i denne saka gjere ei førebuande klagehandsaming etter Forvaltningslova § 33. I ei slik førebuing kan verneområdestyret oppretthalde, endre eller oppheve vedtaket. Om vedtaket vert oppretthalden går saka til Miljødirektoratet for klagehandsaming. Vert vedtaket endra løp det ny klagefrist.

Vedtaket fatta av verneområdestyret 7.2.2019 var som følgjer:

«Med heimel i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. 5.5 vert Bykle kommune gjeve løyve til å maskinpreparere skiløypa frå Storenos 1 til Sloaros i tråd med gjeldande kommunedelplan.

Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld for 2019 og 2020. For 2019 kan løypa preparerast frå og med fredag 8.2.2019 til og med 22.4. 2019. Med unntak av i vinterferien og i påska skal løypa berre preparerast frå og med



*fredag til og med søndag. Tilsvarende gjeld for 2020 men tilpassa datoar for vinterferie og påske i 2020.*

- 2. Dersom det under oppkøyring er villrein i eller nær traseen, skal løypekøyraren straks vende og køyre tilbake i dei oppkøynde spora, med berre belte og ikkje sporsetjaren nede i snøen. I slike tilfelle skal tiltakshavar konsultere forvaltningsstyresmakta før løypa eventuelt blir køyrd opp att eller fullført. Forvaltningsstyresmakta kan trekke tilbake løyve gitt etter første ledd dersom det er naudsynt av omsyn til villreinen.*

*I forståing av kva som er villrein «i eller nær traseen» jfr. prikkpunkt 2 ovanfor skal det som hovudregel leggst til grunn om ein ser villrein i ei sone på 300 m. på kvar side av traseen.*

*For å ha oversyn over ferdsla i område må kommunen syte for plassering av ferdselsteljarar langs løypa til Sloaros. Alternativ gjere manuelle teljingar på utvalde dagar avklara med forvaltningsmyndigheita.*

*Kommunen må ha ein tett dialog med lokalt SNO slik at ein så langt som råd har ein god oversikt over kva område det er villrein.*

*Innan 1. juni kvart år må det sendast inn logg for røynsla med prepareringa inneverande sesong.*

*Etter sesongen 2020 føreset verneområdestyret at det vert ei evaluering av ordninga»*

Klagen frå villreinnemnda har følgjande hovudinnhald:

### *1. Vedtaket strir mot naturmangfaldlova og føremålet med vernet*

- Setesdal Ryfylke er frå naturens side marginale villreinområde med særlig avgrensa tilgang på vinterbeite. Å tillate preparering her vil kunne hindre villreinen tilgang på desse områda. Ei avgrensing til påska slik innstillinga var vert såleis støtta av villreinnemnda.
- Det må leggst til grunn at tal brukarar av traseen stadig vert fleire som følgje av vidare utbygging på Hovden. Det vil såleis gi auka ferdsel og press på villreinområde om ein vel å kanalisere folk inn i området.
- Rapporten frå prepareringa i 2018 synte dei praktiske utfordringane med prepareringa. Sjølv om prepareringa vart avbroten fleire gonger av omsyn til villrein vert det for enkelt å seie at ei ordning med opning/stenging fungerer godt for villreinen. Når det ikkje vert observert dyr og traseen vert preparert vil dette i seg sjølv kunne føre til at dyra held seg vekk frå områda. Data frå GPS-merkeprosjektet tyder på ein slik effekt.

### *2. Vedtaket er uklart når det gjeld tidspunkt for vinterferie*

Vedtaket gir løyve til å preparer i vinterferien men der det ikkje kjem fram kor lenge denne varer utover at det kan startast preparering frå og med 8.2.2019 (fredag før veke 7). Turistinformasjonen på Hovden opplys at dei for 2019 la til grunn vinterferie i vekene 7 – 9. Ut frå dette vert det tre samanhengande veker med preparering i særskilt viktig periode for villreinen. Om ein i tillegg skal ta høgde for vinterferievekene andre stader i landet, samt Danmark kan tidspunktet for preparering auke ytterligare.

### *3. Vedtaket vil gi presedensverknad*

Preparering til Sloaros strir mot Heiplanen og føringar om at oppkøyring og merking av skiløyper skal leggst utanom viktige beiteområde for villrein, og som hovudregel



utanom nasjonalt villreinområde. Om vedtaket vert ståande er det vanskeleg å sjå kva andre delar av verneområdet det ikkje skal kunne tillatast tilrettelegging av skiløyper

Til avslutning meiner villreinnemnda at «føre-var-prinsippet» i naturmangfaldlova må leggest til grunn og at det ikkje må tillatast preparering på ein slik måte som vedtaket legg opp til.

#### *Tidlegare klagesak*

Som nemnd i saka til verneområdestyret 7.2.2019 hadde Miljødirektoratet ei tilsvarande klagesak om preparering til Sloraros i 2018. I handsaming av klagen oppretthald Miljødirektoratet verneområdestyret sitt vedtak.

### **Vurdering**

*Vurdering av dei formelle sidene ved klagen jamfør forvaltningslova §§ 30 (når klagen må vere sett fram) og § 32 (klagens adressat, form og innhald).*

Kopi av vedtak var sendt villreinnemnda 12.2.2019. Klagen kom inn 1.3.2019 og såleis innan fristen på 3 veker. Vidare går det tydeleg fram kva vedtak det vert klaga på. I ein klage er det eit krav at den skal nemne dei endringar som klager ønskjer. Dette er:

- Primært ønskjer villreinnemnda at det ikkje vert opna for maskinpreparering til Sloraros.
- Sekundært kan dei akseptere maskinpreparering avgrensa til påskeveka.
- Varigheit av vinterferien må uansett definerast klarare.

Ut frå dette vurderast klagen å fylle dei formelle krava i forvaltningslova.

#### *Vurderinga av innhaldet i klagen*

Argumenta og innvendingane i klagen frå villreinnemnda er delvis dei same som kom fram i klagen i 2018 og som difor har vore drøfta og vurdert av verneområdestyret tidlegare. I det følgjande har forvaltar lagt vekt på nye moment frå villreinnemnda og det som sidan førre klagehandsaming har komen fram av nye opplysningar og kunnskap.

#### Praktiske utfordringar i høve til opning/stenging av trase etter kor dyra står.

Dette er ein del av vilkåret i løyvet og ei ordning som er heimla direkte i verneforskrifta kap. 5.5. Så sant det vert opna for preparering skal det settast eit slikt vilkår. Det er uansett ikkje ei fysisk stenging av traseen men der løypekøyrar straks skal vende om det vert observert dyr, og der dei berre skal belte ut slik at spora vert øydelagt. I slike tilfelle har kommunen skilta med «stengd løype» i starten av traseen.

Usikkerheita med eit slikt regime er om dyra held seg borte frå nærområda til traseen når denne først er opna. Ut frå forskning (Kjørstad m.fl. 2017) veit ein at dyra ikkje kryssar stiar og løyper om ferdsla vert av eit visst omfang. Ofte vert 30 passeringar pr. dag nytta som ein terskelverdi. Anslaget for tal passeringar traseen vart preparert i 2018 tilseier om lag 55 passeringar pr. dag i påsken. På godversdagar i

vinterferieveckene må ein kunne forvente noko av det same, i alle fall over 30 passeringar.

Analysen gjort i samband med prosjektet adaptiv løypeforvaltning kan tyde at traseen til Sloaros gir ein barriereeffekt for dyra, men som nemnd er talmaterialet for lite til å trekke sikre slutningar.

Eit vesentleg moment er at SNO ikkje veit kor dyra står til ein kvar tid og ikkje kan prioritere særskilt registrering av dette. Oversyn SNO har vil då vera meir tilfeldig og knytt til observerer dei gjer i samband med andre feltoppdrag. SNO gjorde greie for dette i samband med sti- og løypeplansamlinga på Haukeliseter 5. – 6. mars 2019. Her stilte også SNO spørsmålet om dyra vil kome nær traseen når den først er opna. I periodar der veret og føret er stabilt vil traseen også ligge der fullt nyttbar utan at løypemannskapet er inne og kan følgje med.

#### Avgrensing av preparering til vinterferien.

Som villreinnemnda er inne på i klagen er ikkje vinterferieveckene definert i vedtak eller forskrift og at dette opna for preparering i tre samanhengande veker. Skal ein ta høgde for vinterferien fleire stader i landet, evt. også i Danmark vil perioden med preparering kunne strekke seg over mange veker.

Som det går fram av saksframlegget til handsaming av tilsvarande søknad i 2018 er ikkje vinterferieveckene definert nærmare i forskrifta. Det vart likevel synt til prosessen kring forskriftsendringa der det var lagt til grunn at det maksimalt skulle gjelde to vinterferieveker. Om ikkje vil ein i praksis kunne få samanhengande preparering gjennom store delar av vinteren, noko som neppe var intensjonen med forskriftsendringa. I førebuing av saka har forvaltar vore i kontakt med ansvarleg for løypekøyninga i Bykle kommune. Det vert opplyst at det er vinterferien for Agder og Rogaland som er aktuell. I 2019 var dette veke 8 og 9.

#### **Konklusjon:**

Klagen frå villreinnemnda vert teken delvis til følgje. Det vert opna for preparering av traseen til Sloaros men avgrensa til påskeferien.

Forvaltar legg vekt på følgjande tilhøve:

- Det er vanskeleg å få til eit regime med opning/stenging som fungerer tilfredsstillande. Om traseen først er opna vil dette i seg sjølv kunne føre til at dyra held seg borte frå nærområda til traseen. Vidare har SNO i avgrensa grad oversyn over kor dyra står og der observasjonar vert meir tilfeldig ut frå andre oppdrag i områda. I periodar med stabilt ver vil traseen ligge fullt brukbar utan dagleg preparering, og der løypemannskapet ikkje er innover og kan stenge ned traseen om det vert observert dyr.
- Ein opning for preparering gjennom store delar av vinteren gjer det sær vanskeleg å avgrense løypekøyning i andre viktige område for villrein. Faren for presedensverknad er difor høgst reell.



# Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Verneområdeforvaltar SVR v/Jørn T. Haug

Dykkar ref.

Vår ref.  
19/212-6 19/2803  
Jarle Lunde

Arkivkode:

Dato:  
22.02.2019

## **KLAGE PÅ VEDTAK - PREPARERING AV SKILØYPE TIL SLOAROS I BYKLE KOMMUNE, SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE LANDSKAPSVERNOMRÅDE (SVR)**

Villreinnemnda viser til Verneområdestyret sitt vedtak om preparering av skiløype til Sloaros. Arbeidsutvalet i Villreinnemnda drøfta saka i møte 22.februar og vedtok å klage på vedtaket.

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

I Norge forvaltar me dei siste livskraftige bestandane av den opphavelige ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ei fragmentering av villreinen sine leveområde. I St.meld. 21 2004-2005 blei villreinen løfta fram som ein vesentleg nasjonal miljøverdi, og det blei fastsatt eit nasjonalt mål om at villreinen sitt leveområde skal sikrast. Dette blei seinare følgt opp i St.meld 26 (2006-2007) og det er no godkjente planar med konkret avgrensing og retningslinjer for 10 nasjonale villreinområde. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane er eit av områda som har status som Nasjonalt villreinområde. Store delar av den preparerte løypa ligg innanfor dette området og er i tillegg altså verna som landskapsvernrområde. Eit sentralt formål med vernet er «Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa».

I klaga vektleggjar arbeidsutvalet følgjande:

### 1. Vedtaket strir i mot naturmangfoldlova og føremålet med vernet

Setesdal Vesthei er frå naturen si side eit marginalt villreinområde med særleg avgrensa tilgang til vinterbeite. Å sikre villreinen tilgang til desse områda er svært viktig. Den preparerte skiløypa til Sloaros går i dette sentrale vinterbeiteområde.

Etter ei vurdering av skiløypa etter naturmangfoldlova §8–12 blir det i SVR sitt saksframlegg konkludert med at løyve til maskinpreparering bør avgrensast til påska. Villreinnemnda støttar den breie vurderinga som her er gjort etter lovverket og viser til denne.

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.  
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)  
E-post: [jarle.lunde@suldal.kommune.no](mailto:jarle.lunde@suldal.kommune.no).  
Nettside: <http://villrein.no/setesdal-nemnd/>





Nemnda vil og poengtere at potensielle brukarar av løypa blir fleire og fleire ettersom det er lagt opp til ei monaleg auka utbygging av fritidsbustader i Hovdenområdet. Det vil naturleg nok medføre auka ferdsel og press på villreinområde dersom ei veljer å kanalisere folk inn i villreinområdet.

Rapport frå prepareringa i 2018 illustrerer godt nokre av dei praktiske utfordringane med preparering av løypa til Sloaros. Preparering blei avbroten fleire gongar. Utifrå dette kan ein seie at ordninga med å opne/stenge traseen om det vert observert dyr fungerte. Men kva om det ikkje blei observert dyr og løypa blei preparert? Kva effekt ville dette då fått for villreinen sitt bruk av området etter prepareringa? Data frå GPS-prosjektet kan tyde på at villreinen i større grad nyttar nærområda til skiløypa når den ikkje er oppkøyrd enn når den er køyrd.

### 2. Vedtaket er uklart når det gjeld vinterferie

Vedtaket gir løyve til å preparere i vinterferien. Verken vedtak eller forskrift seier noko om når vinterferien er og kor lenge den varer. I 2019 er vinterferien i Agderfylka i veke 8. For Hovden som destinasjon er ferien derimot langt lengre. Turistinformasjonen på Hovden opplyser at for dei er vinterferien i 2019 i veke 7-9. Ein kan derfor kunne få løypekjøring i tre samanhengande vinterferieveker i ein særskilt viktig periode for villreinen.

Villreinnemnda registrerer og at det i år er vinterferie i veke 10 enkelte stader i landet og i veke 6 (i tillegg til 7) i Danmark. Potensialet for å kunne auke vinterferieperioden er derfor til stades i åra som kjem.

### 3. Vedtaket vil ha presedensverknad

I vurderinga av om eit løyve bør gis skal eventuelle presedensverknadar også vurderast. Jfr Heiplanen skal oppkøyrde og merka skiløyper i høgfjellet leggst utanom viktige beiteområde for villrein, og skal som hovudregel leggst utanom nasjonale villreinområde. Sloarosløypa ligg i nasjonalt villreinområde og er eit særskilt viktig vinterbeiteområde. I tillegg er området landskapsvernområde med føremål å ta vare på villreinen. Om løyve til maskinell skiløypepreparering blir ståande, er det vanskeleg å sjå kva andre delar av villreinområdet det ikkje skal kunne tillatast tilrettelegging av skiløyper.

Maskinpreparering av Sloarosløypa vil medføre auka ferdsel og vil kunne få negative konsekvensar for villreinen i eit sårbart vinterbeiteområde. Med bakgrunn i dette meiner villreinnemnda at ein her må leggje «Føre var prinsippet» (naturmangfoldlova §9) til grunn og seie nei til preparering på ein slik måte som vedtaket i SVR legg opp til.

Med helsing

Margit Smeland  
leiar

Tommy Vatslid  
nestleiar

**Kopi til:**

Bykle kommune  
Fylkesmannen i  
Agder

Sarvsvegen 14      4754 BYKLE  
Postboks 788 Stoa   4809 ARENDAL



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/4772-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 21.05.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	19/19	12.06.2019

## **Søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i samband med filming til Lysebotn Opp, Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1-6, Forsand kommune - Axelar A/S**

### **Forvalters innstilling**

I medhald av §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, får Axelar A/S avslag på sin søknad om dispensasjon til å bruke helikopter til transport av mannskap og utstyr i samband med filmopptak på Kjerag 01.08.2019.

Det er i Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, opna for helikoptertransportar til Kjerag i samband med film- og fotorepotasjar i eit tidsvindaug juni og eit i siste halvdel av september. Det går og fram av forvaltningsplanen at det ikkje skal gjevast dispensasjonar til bruk av helikopter ved Kjerag utanom desse tidsvindauga, for å unngå omfattande forstyrringar av dei mange forturistane på staden. Ein dispensasjon vil kunne få omfattande presedensverknadar og føre til ei sterk auke av motorferdsla i verneområdet. Motorferdsla det er søkt om vil derfor være i strid med verneføremålet. Det er såleis heller ikkje grunnlag for å gje dispensasjon etter §48 i naturmangfaldlova.

### **Saksopplysninger**

#### Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 14.05.2019 og telefonsamtale med søker 03.05.2019.

Axelar A/S ved Odd Langhelle, søker om dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde. Søknaden gjeld transport av mannskap og utstyr i samband filming av eit intervju med skistjerner som skal delta på Lysebotn Opp seinare på dagen. Søknaden gjeld for ein transport torsdag 1. august 2019. Opptaket av intervjuet vil være gjennomført i løpet av 30 minutt i tidsrommet 12.00-12.30. Søkar opplyser vidare at det har komme opp eit redaksjonelt ønskje om

endringar i produksjonen, i samband med Blink / Lysebotn Opp og TV sendinga på NRK og internasjonale TV kanalar. Som ei innleiing til TV sendingane har det i alle år blitt gjort intervju med nokre få utøvarar på båten innover Lysefjorden, om kva dei har som forventningar til det kommande rulleskirennet opp frå Lysebotn. I 2018 vart Therese Johaug og Charlotte Kalla intervjuet. Nå har dette blitt gjentatt etter same lest i alle ni åra Lysebotn Opp har vore arrangert. Som arrangør er Axelar A/S nå blitt spurt om å undersøke moglegheitene for at intervjuet kan gjennomførast på Kjerag i staden for på båten.

#### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frافjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frافjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

#### Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frافjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante-og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging"*.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn, og vidare at *"Flyging lågare enn 300 m over bakken, og landing og start med motordrivne luftfarty er forbode. Henting og bringing av passasjerar og gods, der luftfartyet ikkje er nær bakken, er og forbode"*. I §3, punkt 5.2 er det nemnt einskilte unnatak frå forbodet, og i §3, punkt 5.3 er det lista opp fleire tiltak som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad.

Etter forvaltningsstyresmakta si vurdering kjem den omsøkte helikoptertransporten ikkje inn under nokre av dei tiltaka som er nemnt i §3, punkt 5.2 og 5.3 i verneføreskrifta for Frافjordheiane landskapsvernområde. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova som har avløyst dei generelle dispensasjonsreglane i §4 i verneføreskrifta.

*I §48 i Naturmangfaldslova heiter det at "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig"*.

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. I følge rundskrivet må følgende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:

1. Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

2. Tiltaket må ikkje vere i strid med formålet med vernet.

Miljødirektoratet understrekar at høvet til å gi dispensasjonar etter § 48 er snevert:

*“Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidige eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak”.*

I rundskrivet heter det vidare at: *“I vurdering av om tiltaket eller aktiviteten er i strid med verneformålet, er betydningen for verneformålet både på kort og lang sikt relevant. Et tiltak eller en aktivitet kan være i strid med verneformålet dersom tiltaket eller aktiviteten på sikt eller over tid kan ha negativ innvirkning på verneformålet”.*

Helikoptertransportar til Kjerag blir også særskilt omtala i Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og, kapittel 3.6.4 under overskrifta *“Retningslinjer for bruk av helikopter til Kjerag i samband med reiseliv, marknadsføring og basehopping”* på side 74. Her er det utarbeida nærare retningslinjer og vilkår for handsaming av dispensasjonssøknadar i samband med helikoptertransport til mellom anna filmopptak. Formålet med retningslinjene er mellom anna å gje ein mest mogleg avklara forvaltningspraksis, avgrense negative effektar på verneverdiar og opplevingskvalitetar, og å lette oppsynsoppgåvene. I Forvaltningsplanen heitar det vidare:

- “Tidsvindauga” vil bli strengt handheva, og avgrensa til fire samanhengande dagar i andre halvdel av juni, og fire dagar i september. “Tidsvindauga” skal definerast med datoar i kvar einskild dispensasjon, utan høve til forlenging grunna dårleg vêr eller liknande.
- I vurderinga av søknaden, skal det vere avgjerande om helikopterflyging er absolutt naudsynt for å gjennom- føre tiltaket.
- “Tidsvindauga” i september er reservert for reportasje- verksemd.
- Flyging og landing skal skje kortaste veg frå fjorden og inn til stupkanten ved Kjeragplatået, eventuelt Geitaneset, med retur same veg.

Praksisen med å ikkje tillate helikoptertransportar til filming på Kjerag utanom dei to tidsvindauga, vart stadfesta av verneområdestyret gjennom utarbeidinga av Besøksstrategi for SVR i 2018. I kapittel 4.4.3 på side 49 har verneområdestyret utarbeidd føringar for mellombels installasjonar og bruk av helikopter og droner ved Kjerag. Her heitar det vidare at:

- Det vil ikkje bli gitt dispensasjonar til helikoptertransport til filming og medieføremål eller bruk av droner utanom forvaltningsplanen sine tidsvindauge i juni (fire dagar) og september (fem dagar).
- Det samla talet på helikoptertransportar og droneløyver i dei to tidsvindauga må avgrensast slik at forstyrringa av besøkande fotturistar blir så liten som mogleg.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Fráfjordheiane har forvaltningsmynde for Fráfjordheiane landskapsvernområde.

## Vurdering

### Tidlegare forvaltningspraksis

Verneområdestyret har gjeve løyve til helikoptertransport i samband med arrangementet “Kjerag-boogie” i 2012-2019 med heimel i verneføreskrifta, naturmangfaldlova og forvaltningsplanen. I AU-

sakane 60/2014 og 15/2016 av slo arbeidsutvalet ein søknadar frå TVP Broadcast A/S og Viafilm A/S om helikoptertransport til Kjerag i samband med filmopptak ved Kjeragbolten. Grunngevinga for avslaget var at filmopptaket skulle skje utanfor fastsett tidsvindaue. Hæfa A/S fekk og avslag av same grunn i Delegasjonssak RO 25/2017.

#### Vurdering av presedensverknadar

I samband med utarbeidinga av Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, vart helikoptertransport til Kjerag i samband med mellom anna fotografering, nøye vurdert. Her vart det vurdert som viktig å avgrense slike helikoptertransportar til to faste tidsvindaue på kvar side av hovudsesongen for fotturismen. Det vart og lagt vekt på å avgrense dispensasjonane til medieføremål som kunne bidra til å fremme verneføremål og verneverdiar, samt bidra marknadsføring av område.

Om det blir gitt dispensasjonar utanfor desse tidsvindauga, vil denne kunne skape ein forvaltningspraksis som gjer det vanskeleg å avslå andre liknande søknadar i tida framover. Kjerag blir stadig meir kjent ute i verda, og det er lett å sjå føre seg mange slike søknader om filminnspeling dei kommande åra.

Det er ei reell fare for at ein dispensasjon vil gje presedensverknader som vil føre til auka helikoptertrafikk på Kjerag, og dersom omfanget av helikoptertransportar blir stort vil dette ha ein negativ innverknad på opplevinga til dei som besøker staden.

I ein marknadsføringssamanheng vil negative opplevingar av helikoptertrafikk ved Kjerag være lite ønskeleg, slik at ei streng handheving av helikopterdispensasjonane til Kjerag på sikt kan vise seg være ei betre marknadsføring av regionen.

#### Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

#### *Innverknad på verneverdiar og verneføremål*

Det omsøkte landingspunktet ved Kjerag ligg om lag 950 m.o.h i eit til dels flatt landskap dominert av fjell i dagen og elles skrinne vegetasjon. Denne delen av Frafjordheiane blir i liten grad brukt av villreinen og denne låge bruken har vore mønsteret ei tid. Dette blir og stadfesta av resultatane frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområdet har vore i nærleiken av Kjerag den tida dei hadde sendar. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det ikkje registrert villreintrekk i dette området.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og tilsvarende informasjon frå Temakart Rogaland. Her er det registrert ein hekkelokalitet for Tårnfalk i den bratte fjellveggen om lag 400m frå det omsøkte landingspunktet på toppen av Kjerag. Tårnfalk er i oppført som livskraftig i den nasjonale rødlista, men arten er svært sårbar for forstyrringar i nærleiken av reirplassen. Dette gjelder særlig for perioden for egglegging og ruging frå slutten av mai og ut juni.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje informasjon om utvalte naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område som kan ta skade av den omsøkte motorferdsla.

Kunnskap om kulturminne i området baserar seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsle det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som godt. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det omsøkte landingspunktet ligg relativt nær ein registrert hekkelokalitet for tårnfalk, men på ein stad der aktiviteten og flygerutene skaper lite forstyrring. Saman med det relativt seine tidspunktet i hekkesesongen er det truleg liten fare for redusert hekkesuksess. Det er gjeve eit anna løyve for helikoptertransport til Kjerag 20-25.06.2019. Dette gjeld for «Kjerag Boogie» og omfattar om lag 200 helikoptertransportar. I og med at det ikkje er registrert andre sårbare artar og naturtypar i på staden, vil den omsøkte helikoptertransporten, etter forvaltningssekretariatet si vurdering, berre i liten grad føre til større belastning på økosystemet i område.

Det er svært mykje ferdsle i dette området i samband med fotturisme, med om lag 60.000 besøkande på årsbasis. Ferdselsteljingar i 2017 og 2018 visar at månadsskiftet juli/august er høgsesongen for denne fotturismen, med om lag 1000-1500 besøkande på Kjerag kvar dag.

Dei fotturistane som oppheld seg på Kjerag når helikoptertransporten gjennomførast, vil kunne få ei redusert naturoppleving. I og med at helikopteret trulig ikkje vil opphalde seg nær Kjerag i meir enn om lag ein time midt på dagen, vil anslagsvis 150-200 besøkande sjå eller høyre helikopteret.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av helikopter som det beste alternativet. Det er mykje tungt utstyr som må transporterast og filmteamet har berre kort til rådighet.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

### Konklusjon

Det omsøkte tiltaket vil berre i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Frafjordheiane landskapsvernområde, men dei omsøkte helikoptertransportane kan komme i konflikt med verneføremålet. Dersom det blir gjeve dispensasjon til bruk av helikopter til Kjerag utanom dei etablerte tidsvindauga, vil det være eit brot med etablert forvaltningspraksis, og kan medføre auka helikoptertrafikk i området. Kjerag er ein attraktiv stad for filming og fotografering for mange ulike føremål, og det er viktig at bruken av helikopter i samband med slik verksemd blir nøye regulert. På sikt kan dette derfor medføre omfattande forstyrringar av fotturistane i område.

### **Vedlegg – Søknad frå Axelar A/S**



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

OL Odd Langhelle <odd.langhelle@axelar.no> | ● Odden, Alf; ○ Bjarte Sveinsvoll Dagestad; ○ bjorn.laugaland@hjemeland.kommune.no - tir. 1

Søknad om landing på Kjerag i forbindelse med Blink Lysebotn Opp

Du svarte på meldingen 14.05.2019 16:17.

Hei

I forbindelse med Blink / Lysebotn Opp og TV sendingen på NRK og internasjonale TV kanaler, er det kommet et redaksjonelt ønske om å gjøre noen produksjonsmessige endringer. Som innledning til TV sendingene har det i alle år blitt gjort intervjuer med noen få utøvere på båten innover i Lysefjorden. Intervjuet går på forventninger til det som kommer – nemlig Lysebotn Opp. I 2018 ble Therese Johaug og Charlotte Kalla intervjuet. Nå har dette blitt gjentatt etter samme lest i alle 9 årene Lysebotn Opp har vært gjennomført. Vi, som arrangør, er spurt om vi kan sjekke muligheten for å gjøre noen endringer og at intervjuet kan gjøres på Kjerag i stedet for på båten. Intervjuet vil kunne gjøres på noen få minutter. Oppholdet på Kjerag med landing og avgang bør kunne gjøres i løpet av 30 minutter. Tidspunktet vil anslagsvis være i perioden kl. 12:00 til 12:30. Tidspunktet på dagen vil med andre ord gjøre sjenansen til turgåere minimalt. Vi har allerede helikopter i området i forbindelse med filming av selve konkurransen.

Lysebotn Opp har i flere år vært av de mest sette sportsprogrammene på norsk TV sommerstid, uansett TV kanal. Etter vår oppfatning er dette en flott anledning til å vise de flotte naturområdene regionen har og vi håper at en slik tillatelse kan gis.

Etter å ha snakket med Ordfører Bjarte Sveinsvoll Dagestad om saken, spør vi herved om saken kan behandles i styremøte 4. juni.

Håper på positiv tilbakemelding.

*MED VENNLIG HILSEN / BEST REGARDS*  
**ODD LANGHELLE**  
*DAGLIG LEDER / MANAGING DIRECTOR*

PHONE: +47 905 60 815  
AXELAR AS, LANGGATEN 42, 4306 SANDNES

**AXELAR™**







**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjth@fylkesmannen.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/917-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 07.05.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	20/19	12.06.2019

### **Bygging av driftshusvære ved Ormsavatn, 6/14 i Bykle. Førebuande handsaming av klage.**

#### Vedlegg

- 1 Klage på vedtak om dispensasjon til bygging av driftshusvære på Ormsavatn i Setesdal Vesthei Frarfjordheiane landskapsvernområde Bykle
- 2 Uttale til klage på vedtak gjort i SVR 07.02.19 Jo Breivegen

#### **Forvalters innstilling**

Verneområdestyret syner til klage frå Fylkesmannen i Agder på vedtak fatta av verneområdestyret 7.2.2019, sak 6/19. Med heimel i forvaltningslova § 33 andre ledd endrar verneområdestyret førre vedtak. Det vert gjeve avslag på søknad om oppføring av driftshusvære ved Ormsavatn gnr. 6, bnr. 14.

Verneområdestyrte legg vekt på at driftshusværet er plassert i særleg viktige funksjonsområde for villrein knytt til trekk, beite og kalvingsområde. Omsyn til dette og føre-var-prinsippet i naturmangfaldslova § 9 tilseier at det ikkje bør tillast driftshusvære i området. Vidare legg verneområdestyret vekt på at oppføring av bygningar vart vurdert på vernetidspunktet og både forvaltningsplan og § 48 i naturmangfaldslova er tydeleg på at verneverdiar skal vera overordna eksempelvis næringsinteresser. Verneområdestyret kan ikkje sjå at ulempa med plassering av driftshusvære i området i høve til villrein vert vega opp av ei eventuell reduksjon i trafikken på anleggsvegen.

Søkar vert gjeven frist til 15.10.2019 for fjerning av oppførte bygningar.

## Saksopplysninger

Verneområdestyret ga i møte 7.2.2019 Jo Breivegen løyve til oppføring av nytt driftshusvære ved Ormsavatn i Bykle. Fylkesmannen i Agder klaga på vedtaket i brev datert 1.3.2019 (vedlegg 1). Verneområdestyret skal i denne saka gjere ei førebunde handsaming av klagen etter § 33 i forvaltningslova. Om førre vedtak vert oppretthalden vert saka sendt Miljødirektoratet for klagehandsaming. Om vedtaket vert endra løp det ny klagefrist.

Følgjande vedtak vart fatta av verneområdestyret:

*«Grunneigar Jo Breivegen får løyve til å føre opp driftshusvære ved Ormsavatn i tråd med søknad.*

*Trong for driftshusvære på eigedomen er godt dokumentert. Eit driftshusvære i området vil kunne styrke driftsgrunnlaget på garden og lette arbeidet med sanking og ettersyn av sau på beite. Tiltaket er planlagt i område det frå før er to hytter og i område med fleire store inngrep som kraftmagasin, veg og straumline. Særleg i samband med villreinjakta er det ein god del ferdsel i området kring Ormsavatn og inn langs anleggsvegen.*

*Løyvet vert gjeven som dispensasjon frå Naturmangfoldlova § 48. Tiltaket vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig og vil ikkje endre landskapets art og karakter. Tiltaket vil såleis ikkje vera i strid med verneføremålet.*

*Utforming av bygningen skal vera i tråd med føringar gjeven i forvaltningsplanen for SVR.*

*Søknaden må sendast Bykle kommune for handsaming etter Plan- og bygningslova.»*

I klagen syner fylkesmannen til Miljødirektoratet sitt rundskriv M106-2014) vedk. tolking av vilkåra i § 48 i naturmangfoldlova:

- Dispensasjonsbestemminga er i utgangspunktet meint for tilfelle eller spesielle/særlege tilfelle som ikkje vart vurdert ved opprettinga av verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forstyrningar av forbigåande karakter.
- Forutsetninga for bruk av § 48 i slike tilfelle er at aktiviteten eller tiltaket oppfyller vilkåra i § 48 og at det ikkje vart teken konkret stilling til aktiviteten eller tiltaket ved opprettinga av verneområdet.
- Bestemminga skal være ein ventil for særskilde tiltak som ikkje kunne føresjåast eller ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.
- Bestemminga gjer klar rettleiing om at omsynet til verneverdiane skal være overordna foreksempel næringsinteresser.
- Om ein ikkje er sikker om verkingane tiltaket eller aktiviteten kan ha for verneverdiane, bør føre-var-omsynet leggjast vekt på i vurderinga.

I vidare grunngeving legg fylkesmannen vekt på at det aktuelle område har særleg viktige funksjonar i høve til villrein. Mellom anna er det avsett som trekkområde og kalvingsområde. Fylkesmannen syner til at villrein eitt av to hovudføremål med vernet og at eit kvart tiltak som kan verke forstyrrende på villreinens bruk av området ikkje bør tillatast. Eit nytt driftshusvære i området vil føre til auka aktivitet og ferdsel i området.

Ut i frå at tiltaket vil føre til auka forstyrning av villrein vil det stri mot føremålet med vernet. I så tilfelle er det ikkje opning for å kunne gi dispensasjon etter § 48 i naturmangfoldlova. Fylkesmannen syner også til at tiltaket ligg i nasjonalt villreinområde og dokumentert vinterbeiteområde.

Fylkesmannen krev at vedtaket vert gjort om slik at bygging ikkje vert tillate.

I sak 12/19 vurderte verneområdestyret om vedtaket fatta av verneområdestyret skulle gjevast oppsettande verknad til klagesaka vart avgjort. Verneområdestyret ønskja ikkje dette. Driftshusværet og utedo er nå ført opp på plassen. Sjå bilete nedanfor. Teken 4.6.2019.



I tråd med forvaltningslova § 33 har sækjar fått høve til å gi uttale til klagen frå fylkesmannen (sjå vedlegg 2). Sækjar legg vekt på at for tilkomst til Ormsavatn må han nytte 22 km. av anleggsvegen inn langs Vatnedalsvatn. Denne går gjennom fleire trekksonar og der heile strekningen ligg i kalvingssona. Anleggsvegen går også nær Uraråjuvet som er ein særst viktig aust-vest passasje for dyra, ikkje minst som følgje av oppdemming av Urar. Ved å ha eit driftshusvære ved Ormsavatn vil grunneigar kunne redusere mykje ferdsel på veggen i samband med fiske/fiskekultivering, jakt og jaktutleige. Dette vil vera positivt for villreinen.

Utnytting av sauebeite kring Ormsavatn vil naturleg nok auke aktiviteten der inne, men med moglegheit for overnatting vil køyringa på anleggsvegen bli mindre. Etter sækjar sitt syn har ikkje fylkesmannen og sakshandsamar i SVR sett samanhengen i dette.

Sækjar legg vekt på at det er særst store areal dei har jakt, fiske og beiterettar på. Plassering av driftshusværet er nøye vurdert og der det er lagt vekt på samlokalisering med andre hytter samt ved eksisterande inngrep i form av damanlegg. Husværet vil også ha ein viktig funksjon i høve til arbeidsmiljø og tryggleik.

Sækjar strekar under at det er tale om eit lite bygg med ein viktig funksjon for drift av eigedomen og nytting av utmarksressursane. Verneområdet skal ikkje vera til hinder for dette.

Avslutningsvis syner søkar til at vedtaket frå verneområdestyret var samrøystes. Om Miljødirektoratet ikkje høyrer på eige styre vil det vera eit døme på at demokratiet ikkje verkar.

## Vurdering

*Vurdering av dei formelle sidene ved klagen jamfør forvaltningslova §§ 30 (når klagen må vere sett fram) og § 32 (klagens adressat, form og innhald).*

Kopi av vedtak var sendt fylkesmannen 12.2.2019. Klagen kom inn 5.3.2019, dvs så vidd innanfor fristen på 3 veker. Vidare går det tydeleg fram kva vedtak det vert klaga på, kva klager meiner skal endrast og grunngjeving for klagen.



Ut frå dette vurderast klagen å fylle dei formelle krava i forvaltningslova.

Forvaltningsplanen for SVR er klar på kva som kan godtakast av nye bygningar i verneområdet. To klare føresetnader er at behovet for bygningen er dokumentert, og at tiltaket kan gjennomførast utan nemneverdig negativ effekt på verneverdiane. Som det er gjort greie for i saka handsama i styret 7.2.2019 er behovet for bygningen godt dokumentert. Spørsmålet er da om plasseringa kan ha ein nemneverdig negativ effekt på verneverdiane, i dette tilfelle villrein. I dette ligg det også at om ein er usikker på verknaden skal føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 leggest til grunn.

Grunngjevinga for klagen frå fylkesmannen er vurdert og dekkja opp i saksframstillinga til saka handsama av verneområdestyret 7.2.2019. Forvaltar går difor ikkje nærare inn på det her.

Søkar si hovudinnvending til klagen er at situasjonen for villrein totalt sett vert til det betre sidan trafikken på anleggsvegen vert redusert. Spørsmåla vert då kva reduksjon i trafikk kan ein vente som følgje av at søkar har eget driftshusvære ved Ormsavatn, og kva positivt effekt har eventuelt dette for villreinens bruk av områda.

Det er ei særskild krevjande øving å sett tal på korleis eit driftshusvære i området vil verke inn på mengde ferdsel på vegen. Mykje avhenger av eigars eigne disposisjonar knytt til gardsdrifta, anna arbeid utanom gardsdrifta, tid til rådvelde som vert nytta til jakt, omfang av utleige mv. Eventuelle nye drivarar i framtida vil også kunne legge andre disponeringar til grunn. I det følgjande er det likevel gjort eit forsøk på ei talfesting på delar av dette.

#### *Fiske og fiskekultivering*

Søkar driv fiske og fiskekultivering i Ormsavatn. Det vert opplyst at eit driftshusvære vil gje om lag 10 færre turar pr. år. Forvaltar legg til grunn at 10 turar gjeld 10 turar inn og 10 turar ut, til saman 20 turar.

#### *Jakt og jaktutleige.*

Mykje av jakta vil vera knytt til helgene og der det i mange tilfelle vil vera praktisk å overnatte i staden for å køyre heim. Om ein legg til grunn at søkar jaktar villrein og elg ti helgar i året vil dette bety 40 turar på vegen. Om han overnattar kvar helg vert trafikken redusert med 20 turar. Som følgje av eit driftshusvære må ein gå ut i frå at det vert enklare og meir attraktivt å leige jakt i området. Det kan føre til meir trafikk på vegen og meir jakt i området. Men det kan også slå ut på den måten at større delar av jakta vert leigd ut til eitt lag som i større grad baserer seg på å ligge lengre i terrenget når dei først er inne.

#### *Sauehald*

Som søkar opplys vil sau på beite føre til meir aktivitet i området i samband med slipp, tilsyn og sanking. Dette vil kome i tillegg til all anna aktivitet i dag. Om ein tar utgangspunkt i ein beiteperiode på 10 veker vil tilsyn ein dag i veka bety 20 turar. Av praktiske årsaker vil det neppe vera råd å rekke over areala på ein dag, slik at utan driftshusvære vil tal turar vera så mykje som 40 t/r. Dette vil kunne halverast med eit driftshusværet. I praksis vil kanskje den største trongen for driftshusværet vera i samband med slipp og sanking sidan ein då må nytte meir samanhengande tid der inne.

Summert opp legg forvaltar til grunn at eit driftshusvære vil kunne føre til mindre ferdsel på vegen men der omfanget er særskild vanskeleg å slå fast. Om ein legg til grunn ein reduksjon på 60 turar totalt fordelt på 4 månader/16 veker betyr det snaue 4 turar færre pr. veke med eit driftshusvære på plassen. Truleg vert ikkje denne fordelt jamt gjennom sesongen men med ei hovudtyngde i august og september.

Søkar har trekt fram arbeidsmiljølova og tryggleikssyn som argument for eit driftshusvære. Her inne er ein langt frå folk og utan mobildekning. Forvaltar har syn for dette. På den annan side er ikkje denne situasjonen unik for dette området.

Vil så ein reduksjon i ferdsla på vegen «vega opp» for forstyrringa som eit driftshusvære i viktige område for villreinen kan føre med seg?

Dagens ferdselsregime på vegen er strengt. Vegen er bomma ved dammen og der det berre er rettshavarar, dei som har leigd jaktrettar, samt regulant som har tilgang vidare inn. Størst mengde trafikk er naturleg nok i samband med villreinjakta. Utover denne perioden er det ikkje sikre haldepunkt for å seie at dagens trafikkmengde på vegen verkar forstyrrande på villrein. Om lag halvvegs langs Vatnedalsvatnet svingar vegen eit stykke opp mot Uraråjuvet. Dette er ein av dei særst få attverande trekkorridorane etter at Store Urevatn vart regulert. Ut frå data frå GPS-merka dyr kan det sjå ut til at dei fleste dyra kryssar juvet om lag 300 meter frå vegen langs Vatnedalsvatn. Som for resten av vegen legg forvaltar også her til grunn at dei største forstyrringane er i perioden med reinsjakt.

Ut frå dette legg forvaltar til grunn at dagens trafikk på vegen er særst avgrensa, men med unntak av ein periode under villreinjakta. Utanfor denne perioden er det ikkje grunn til å tru at trafikken på vegen i seg sjølv bidreg nemneverdig til å halde villreinen borte og at dagens trafikk er eit problem. Sjølv om eit driftshusvære fører til nokre færre tal turar vil det neppe vera av eit slikt omfang at det vil verke inn på korleis villreinen nyttar nærområda til vegen.

#### *Presedensverknad*

Om ein ser verneområda under eitt er det eit fåtal eigedomar/grunneigarar i tilsvarande situasjon. Eit løyve til bygging vil såleis ikkje opne for eit større tal bygningar andre stader. Eit anslag er færre enn ti totalt. Det vil likevel skape ein presedens i høve til kva ein skal tillate i særleg viktige område for villrein, der ein bygning kan vera ein for mykje.

### **Konklusjon**

Søkar har ei dokumentert behov for driftshusvære i det aktuelle området. Det vil lette drifta av eigedomen og betre moglegheita til å nytte utmarksressursane på garden. Det er god tilkomst til området via anleggsvegen men vegstandar og avstanden krev mykje tid i bil for å ta seg ut og inn. Eit husvære i området vil gi auka tryggleik ved opphald i områda. Driftshusværet det er søkt om er lokalisert i tilknytning til annan infrastruktur og bygningar.

Driftshusværet er plassert i særleg viktige funksjonsområde for villrein med beiteområde og kalvingsområde med særskilte restriksjonar jfr. verneforskrifta. Vidare går det eit viktig trekkorridor mellom Vatnedalsdammen og Ormsavatn. I praksis kryssar dei fleste dyra i ein avstand på 300 – 400 meter sør for aktuelle tomt. Vidare opp lia, om dei er på veg nordover, vil dei fleste ta seg opp på Steinheii i god avstand frå tomta. Terrenget langs nordsida av Ormsavatn er særst bratt og det er lite truleg at dyra tek seg ut/inn av trekkoridoren frå denne kanten. Data frå GPS-merka dyr syner likevel at dei oppheld seg her gjennom delar av året.

Ein kan ikkje med sikkerheit slå fast korleis plassering av ein ny bygning i området vil virke inn på villreinens bruk av nærområda. Mykje vil avhenge av kor intensiivt hytta vert nytta. I slike tvilstilfelle må føre-var prinsippet i naturmangfaldslova § 9 leggest til grunn og der bygging ikkje bør tillatast. Oppføring av bygningar vart vurdert på vernetidspunktet, og både forvaltningsplan og § 48 i naturmangfaldslova er tydeleg på at verneverdiar skal vera overordna eksempelvis næringsinteresser.



Eit driftshusvære vil under visse føresetnader kunne føre til noko reduksjon av trafikken på anleggsvegen langs Vatnedalsvatnet. Utover ein periode i villreinjakta er det uansett lite som tydar på at dagens ferdselsnivå på vegen er til hinder for at villreinen nyttar nærområda til vegen. Dette bilete vil ikkje endre seg om eit driftshusvære skulle føre til ein viss auke eller reduksjon i trafikken på vegen. Ut i frå dette kan det ikkje leggast avgjerande vekt på at eit driftshusvære i området totalt sett vil vera til det betre for villreinen

Klagen vert teken til følgje. Det vert ikkje gjeve løyve til oppføring av driftshusvære ved Ormsavatn. Søkar vert gjeven frist til 1.10.2019 for fjerning av oppførte bygning.



Verneområdestyret for Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og Frafjordheian  
Att. Haug, Jørn Trygve  
Postboks 24  
4748 RYSSTAD

Saksbehandlar, innvalstelefon

Katrine Skajaa Gunnarsli, 38 17 62 15

## Klage på vedtak om dispensasjon til bygging av driftshusvære på Ormsavatn i Setesdal Vesthei Frafjordheiene landskapsvernområde Bykle

Vi syner til vedtaket frå Verneområdestyret for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiene landskapsvernområde (SVR) sitt vedtak dagsett 12.2.2019, styresak 6/19.

---

**Fylkesmannen i Agder klagar med heimel i naturmangfaldlova § 62 tredje ledd på Verneområdestyret sitt vedtak dagsett 12.2.2019, styresak 6/19. Klagen gjeld dispensasjon frå verneforskrifta for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde til bygging av driftshusvære ved Ormsavatn i Bykle kommune.**

---

Vedtaket er eit enkeltvedtak som det kan klagast på, jf. forvaltningslova (fvl.) § 28. Fylkesmannen har klagerett, jf. naturmangfaldlova (nml.) § 62 tredje ledd. Vedtak vart fatta 7.2.2019. Protokoll med vedtak og partsbrev med grunngjeving for vedtaket vart motteken her 12.2.2019.

Klagen vert send til verneområdestyret for SVR som forvaltningsmyndigheit for verneområdet. Styret kan ta klaga til følgje, om ikkje, må klagen sendast vidare for endeleg avgjerd i Miljødirektoratet som er klagemyndigheit.

### Bakgrunn

Grunneigar Jo Breivegen har søkt om dispensasjon frå Verneforskrifta for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde for bygging av driftshusvære i austenden av Ormsavatn ved Ormsaosen på gnr. 6, bnr. 14 i Bykle kommune. Storleiken på bygningen er oppgjeven til 30 m<sup>2</sup>. Plasseringa av bygningen ligg innafør trekkorridoren for villrein ved Ormsavatn, og innafør restriksjonsområdet for kalving. Både Vatnedalsvatn og Ormsavatn er regulert. Det ligg to hytter i området frå før.

Bakgrunnen for søknaden er å lette drifta av eignedomen. Søker har nytt sauefjøs og vil ta større deler av eigedommen i bruk. I tillegg skal driftshusværet nyttast til utleie av villreinjakt. Søker har tidlegare fått dispensasjon til eit driftshusvære lengre syd-aust i området. Det var også innafør restriksjonsområdet for kalving, men ikkje i trekkorridoren.





Saka er sendt på uttale til Villreinnemnda for Setesdalområdet. Sjå vedlegg 4. Villreinnemnda tilrår ikkje at det vert gjeve løyve til bygging. Det vert lagt vekt på at bygningen ligg ved trekkområde mellom aust og vest for Vatnedalsvatnet/Ormsavatn. Vidare at området er viktig i samband med kalving.

Verneområdeforvaltar si innstilling var å avslå søknaden med bakgrunn i at vilkåra for dispensasjon etter naturmangfaldlova (nml.) § 48 ikkje er oppfylt, og at det dimed ikkje er heimel for å tillate tiltaket.

Søknaden vart behandla av verneområdestyret for SVR i møte den 7.2.2019, kor det vart fatta følgjande einstemmige vedtak:

*«Grunneigar Jo Breivegen får løyve til å føre opp driftshusvære ved Ormsavatn i tråd med søknad.*

*Trong for driftshusvære på eigedommen er godt dokumentert. Eit driftshusvære i området vil kunne styrke driftsgrunnlaget på garden og lette arbeidet med sanking og ettersyn av sau på beite. Tiltaket er planlagt i område det frå før er to hytter og i område med fleire store inngrep som kraftmagasin, veg og straumline. Særleg i samband med villreinjakta er det ein god del ferdslar i området kring Ormsavatn og inn langs anleggsvegen.*

*Løyvet vert gjeven som dispensasjon frå naturmangfoldlova § 48. Tiltaket vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig og vil ikkje endre landskapets art og karakter. Tiltaket vil såleis ikkje vera i strid med verneføremålet.*

*Utforming av bygningen skal vera i tråd med føringar gjeven i forvaltningsplanen for SVR.*

*Søknaden må sendast Bykle kommune for handsaming etter Plan- og bygninglova.»*

### **Fylkesmannens vurdering**

Dispensasjonssøknaden må handsamast etter verneforskrifta for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde (SVR). Av verneforskrifta kap. VI punkt 1.1 går det fram at oppføring av bygningar ikkje er tillate. Det aktuelle tiltaket omfattast ikkje av dei tiltaka som er tillate med heimel direkte i forskrifta, eller av dei spesifiserte dispensasjonsbestemmingane i verneforskrifta, jf. kapittel IV. Følgjeleg kjem den generelle dispensasjonsbestemminga i nml. § 48 første ledd til bruk. Av denne går det fram at forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå verneforskrifta om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Som bakgrunn for vår vurdering og klage viser vi særleg til Miljødirektoratets Rundskriv om forvaltning av verneområde (M106-2014). Om tolkinga av vilkåra i nml. § 48, står det m.a. følgjande:

- Dispensasjonsbestemminga er i utgangspunktet meint for tilfelle eller spesielle/særlege tilfelle som ikkje vart vurdert ved opprettinga av verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forstyrningar av forbigåande karakter.
- Forutsetninga for bruk av § 48 i slike tilfelle er at aktiviteten eller tiltaket oppfyller vilkåra i § 48 og at det ikkje vart teken konkret stilling til aktiviteten eller tiltaket ved opprettinga av verneområdet.
- Bestemminga skal være ein ventil for særskilde tiltak som ikkje kunne føresjåast eller ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.
- Bestemminga gjer klar rettleiing om at omsynet til verneverdiane skal være overordna for eksempel næringsinteresser.
- Om ein ikkje er sikker om verkingane tiltaket eller aktiviteten kan ha for verneverdiane, bør føre-var-omsynet leggast vekt på i vurderinga.



Fylkesmannen si oppfatning er at det aktuelle området har dokumenterte særleg viktige funksjonar i høve til villrein, grunngeve mellom anna ved at området er avsett som baa trekkområde og som kalvingsområde for villrein. Villrein er eit av to føremål med vernet. Eit kvart tiltak som kan verke forstyrrande på villreinens bruk av området bør difor ikkje tillatast. Eit nytt driftshusvære i området vil føre til auka aktivitet og ferdsel i området.

Formålet med SVR er som følgjer:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa

Tiltak som kan føre til auka forstyrring for villreinen vil etter vår oppfatning stri mot formålet med vernevedtaket. I så tilfelle er det ikkje opning for å kunne gi dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48. Tiltaket er i nasjonalt villreinområde i heieplanen og er dokumentert vinterbeiteområde.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde sitt vedtak av 7.2.2019, styresak 6/19, krevjast omgjort, slik at søker ikkje får dispensasjon for bygging av driftshusvære som søkt om.

Med helsing

Stein A. Ytterdal ( e.f. )  
fylkesmann

Ingunn Løvdal  
miljøverndirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Miljødirektoratet  
Bykle kommune

Postboks 5672 Torgarden  
Sarvsvegen 14

7485 TRONDHEIM  
4754 BYKLE

Jo Breivegen  
Løyningsvegen 31  
4754 Bykle

SVR

v/Jørn Trygve Haug

Hovden, 31.03.19.

Ref. 2019/917-0 432.2

### **Uttale til klage på vedtak gjort i SVR 07.02.19.**

Viser til Fylkesmannens klage av 01.03.19 ref. 2019/1668 sendt inn pr. mail 08.03.19 der han mener at driftshusvære ved Ormsa ligger i trekksoner og kalvingsområde. Dette er riktig hvis man ser isolert på dette området. Det Fylkesmannen glemmer er at man for å komme til Ormsa bruker anleggsvegen inn. Denne går igjennom flere trekksoner og heile veggen ligger i kalvingssonen. Det er 22 km veg. Det er blant annet et trekk som går over Uraråjuvet. Dette er et viktig trekk og jeg som grunneier ønsker å redusere trafikken forbi her fordi reinsdyra har kun denne passasjen øst-vest grunnet oppdemming av Urar og den åpne anleggsvegen inn til Store Urar. For å slippe å kjøre ut og inn hver dag når man er der inne - blant annet og fisker (Sjur Johan Vatnedalen og jeg driver aktivt fiske i Ormsa for å kultivere vannet grunnet overbefolkning av fisk). Dette vil redusere antall turer jeg kjører på anleggsvegen med ca. 10 turer i året. Se vedlagte logg for når det er fisket.

I tillegg er vi ofte på reinsdyrjakt her inne siden det er et godt terreng. Dette vil redusere trafikken siden man da kan ligge her inne i heile perioden både for utleige og egen jakt og slippe den lange turen som jeg presiserer går 22 km i kalvingssonen og gjennom flere trekk. I tillegg når vi jakter elg, pleier ofte de andre grunneierne å overnatte her inne, men det kan ikke jeg, så jeg kjører ut og inn hver dag fra den andre hytta jeg har som ligger 16 km lengre ute.

Noe som jeg mener vil øke aktiviteten her inne, er saueneieringa. Dette vil medføre at jeg kommer til å være her inne mye mer, men igjen ved overnattingsmuligheter blir nok kjøringa på veggen vesentlig mindre. Jeg mener ikke Fylkesmannen og saksbehandler i SVR ser den store sammenhengen her.

Området som vi har jakt-, fiske- og beiterett i, er på størrelse med Arendal kommune hvis du legger med vannene. Dette er som alle skjønner et enormt område og plasseringa av driftshusvære er strategisk nøye vurdert for å ligge sammen med andre hytter og damanlegg, samt ganske sentralt midt i terrenget når man da må kjøre 22 km for å komme dit skjønner man dimensjonene. Man lurer også på hvor arbeidsmiljøloven er i dette? Her er man mange kilometer fra folk og mobildekning. Skulle man få motorstopp eller bli værfast her inne seinhøstes ved ettersanking av sau kan det bli en utrivelig situasjon.

Jeg synes det er trist at Fylkesmannen og saksbehandler i SVR ikke bruker skjønn her og lar meg som grunneier av et så ekstremt stort område få bygge ei driftshytte på kun 30 m<sup>2</sup>. Dette er ikke noe størrelse på ei hytte der man tar med heile familien og reiser på påskeferie. Denne kommer til å bli brukt til drifta av eiendommen.

Jeg ønsker å bruke denne eiendommen på best mulig måte der jeg utnytter naturressursene. Dette har jeg oppfattelse av at SVR ikke skal være til hinder for, men saksbehandler og Fylkesmannen har tydeligvis en annen oppfattelse. Øvrig styre var her enstemmig på at jeg skulle kunne ha denne driftshytta.

Jeg ber derfor byråkratene følge styrets beslutning videre i saksgangen og høre på styret som har lokalkunnskap og samtidig er oppnevnt for å være best skikka til å forvalte dette området. Hvis Direktoratet her ikke hører på sitt eige styre, kommer dette til å være et eksempel på at demokratiet ikke virker.

Håper på velvillig behandling.

Med hilsen



Jo Brèvegen

Tlf. 915 51 937

# FISKE I ORMSA

Dato	Antall fisk	Antalgarn	Merknader
4/6-17	37	22	Over Alt
11/6-17	16	10	
25/6-17	40	12	Bra på dyppet
8/7-17	53	12	Brandle plauv
9/7-17	39	12	Best langt inn
6/8-17	50	20	Alt på nordlida
23/8-17	16	10	i vent
22/9-17	18	14	mick på
23/9-17	21	14	ved Orsa
23/6-18	65	24	
23/7-18	41	20	
24/7-18	40	21	Vakt bli
26/8-18	40	20	stoppa ved
23/9-18	30	21	umulig å få bort inn ut, derfor lite fisk dekket.



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjth@fylkesmannen.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/4653-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 25.05.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	21/19	12.06.2019

## Søknad om å arrangere feltdagar for ungdomsskuletrinnet. Håheller - Fossebu.

### Vedlegg

- 1 Søknad om dispensasjon til telteir og plassering av flyttbar utedo i forbindelse med ungdomsarrangement

### Forvalters innstilling

Verneområdestyret for SVR gir verdiskapingsprosjektet v/Kristian Eiken Olsen og Jan Rob løyve til å plassering av større telteir på området omtala i saka. Løyvet gjeld for perioden 17.6 – 18.6 2019. Løyvet er gjeven etter § 4.1 i verneforskrifta for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane lvo. Etter § 48 i naturmangfaldslova gir verneområdestyret også løyve til plassering av festivaldo i tilknytning til telteiren.

Alt av søppel og avfall skal transporterast ut leverast på godkjend mottak.

Som grunngeving for løyvet legg verneområdestyret vekt på at arrangementet er lagt til eit område med mykje anna infrastruktur/inngrep, er av kort varigheit og ei tid på året der viltet er mindre sårbar for forstyrring.


### Saksopplysninger

Som ein del av verdiskapingsprosjektet, der verneområdestyret er prosjekteigar, har det gått ut tilbod om undervisningsopplegg/feltdagar til ungdomsskuletrinnet i deltakande kommunar. Seks skuler har takka ja til tilbodet. Ein av desse er Kvinesdal ungdomsskule som ønskja eit opplegg for alle 9. klassane. Dette er til saman 78 elevar. Det er lagt opp til at overnatting i telt og undervisningsopplegget skal skje i området rasteplass Håheller – Fossebu langs Brokke –

Suleskardvegen. Sjå kart nedanfor. Tidspunkt for gjennomføring er 17. – 18. juni. Det er aktuelt med mellombels plassering av «festivaldo» i området.

Det er arbeidsgruppe 1 i verdiskapingsprosjektet som vil stå for det praktiske opplegget. Her er det Statskog v/Kristian Eiken Olsen og Jan Rob frå Knaben leirskule som vil ha hovudansvaret. Sjå søknad vedlegg 1.

Det er Statskog som i all hovudsak er grunneigar i området. Dei vil og ha ei sentral rolle i gjennomføringa. Arrangementet er og sjekka ut med tilgrensande grunneigar på Valle – sida.



#### *Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

#### *Hjemmelsgrunnlag*

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av kap. 4.1 i verneforskrifta går det fram at arrangement av større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar og militærøvingar, må søke forvaltningsstyresmakta om løyve til arrangementet. I denne saka er det tale om ein større teltleir og difor krav om søknad. Mellombels plassering av festivaldo vurderast å kome inn under tiltak som i utgangspunktet ikkje er tillate ref. oppstillinga i kap. 1.1 i verneforskrifta. Denne delen av saka må difor handsamast som dispensasjon etter naturmangfaldslova § 48. For å kunne gi dispensasjon etter denne paragrafen gjeld følgjande vilkår vera oppfylt:

- Tiltaket må ikkje stri mot verneføremåla
- Tiltaket skal ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

## Vurdering


### Vurdering etter naturmangfoldlova

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), samt frå NINA sitt pågåande GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)).

Gjennom vinteren i perioden vegen Brokke – Suleskard er stengd vert områda på bae sider av vegen nytta av villreinen. Etter at vegen vert opna 20. mai og etter kvart som trafikken på vegen og ferdsle ut frå vegen tek seg opp, nyttar villreinen i hovudsak områda lenger nord for vegen. Dette kan og henge saman med mellom anna beitetilhøve og tilgang på høgareliggande areal med snøfenner. Nokre dyr, i første rekke mindre bukkeflokkar kan helde seg i områda sørover frå vegen. Kartet under syner posisjonar frå GPS-merka dyr i perioden 2006 – 2018.



Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på «Norsk rødliste» i området. Det er heller ikkje funne informasjon om utvalte naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på «Norsk rødliste for naturtypar». Det har heller ikkje kome fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike artar og/eller naturtypar i det aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderar ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

### Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Det er frå før mykje aktivitet i området knytt til ferdsel på og ut i frå vegen. Ved Håhellervatn ligg også ein rasteplass som i si tid vart etablert av SVR. Roskreppfjorden er regulert og med tre større dammar i sør-enden. Ved utløpet av Håhellervatn er det også bygd ein terskel. Fossebu





er ei hytte eigd av Statskog, her er det også eit garasjeanlegg og nedkøyringsrampe for båtslepp.

Forvaltar legg til grunn at tilleggsbelastninga ved etablering av teltleir og plassering av mellombels festivaldo i området vil ha liten til inga negativ innverknad på dyrelivet i området. Aktiviteten frå om lag 85 personar (elever + lærarar og instruktørar) kan gi ein viss fare for slitasje på vegetasjon. Viktig at ein difor er medviten på dette ved plassering av teltleiren og anna aktivitet. Når det er sagt så vurderer ein området til ikkje å vera særskilt sårbar i høve til dette.

*Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)*

Arrangør er ansvarleg for at gjennomføring på ei miljømessig god måte. Det må leggst vekt på at plassering av teltleir og annan aktivitet skjer på område der vegetasjonen tåler ein del slitasje. Alt av søppel og avfall skal takast med etter avslutning.

*Vurdering etter § 48 i naturmangfaldslova*

Det er plassering av festivaldoen som må handsamast etter denne paragrafen. Sidan det gjeld mellombels plassering tett ved veg og anna infrastruktur kan ein ikkje sjå at det strir mot verneføremålet eller påverkar verneverdiane nemneverdig

### **Konklusjon**

Det vert gjeven løyve til plassering av større teltleir og mellombels festivaldo som omtala i saka. Det vert lagt vekt på at arrangementet er lagt til eit område med mykje anna infrastruktur/ingrep, er av kort varigheit og ei tid på året der viltet er mindre sårbar for forstyrring. Arrangør må sørge for rutinar slik at alt av søppel og avfall vert transportert ut og levert på godkjend mottak.

Fra: Olsen Kristian Eiken[keo@statskog.no]

Sendt: 6.jun 2019 12.00.22

Til: Haug, Jørn Trygve

Tittel: Søknad om dispensasjon til teltleir og plassering av flyttbar utedo i forbindelse med ungdomsarrangement

---

Vi søker herved om dispensasjon fra verneforskrift, om å sette opp teltleir og flyttbar utedo i området ved rasteplassen ved Håhellervatn i Sirdal kommune.

Verdiskapningsprosjektet / SVR i samarbeid med flere, arrangerer tur til området Håhellervatn for 9.klasse ved Kvinesdal ungsomskole 17.-18.juni i år. Målet for arrangementet er at elvene skal lære om villrein, verneområdet, fjellfriluftsliv, fiske og generelt dyre- og planteliv i heia.

Det blir ca 75 elever med på turen og ca 10 voksne. Samtlige skal ligge i telt ved rasteplassen ved Håhellervatn.

Med vennlig hilsen

**Kristian Eiken Olsen**

*regionansvarlig jakt, fiske, friluftsliv Sør-Norge | 90533793*





**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Kommunehuset, 4440 Tonstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47 38 17 62 03  
fmavgso@fylkesmannen.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/1969-0

Saksbehandler: Guro Sødergren

Dato: 04.06.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	22/19	12.06.2019

## Endring av retningslinjer for Grytdalen hytteområde i Sirdal kommune- Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde

Vedlegg

- 1 Eksisterende retningslinjer, godkjent 2006

### Forvalters innstilling

Verneområdestyret for SVR reviderer punkt 1 og 10 i retningslinjer for byggetiltak i Grytdalen.

Punkt 1 retningslinjer for byggetiltak i Grytdalen revideres til, (2019):

Forvaltningsplanen åpner for realitetsbehandling og realisering av resterende utbygging av grytdalen som dispensasjonssaker, jf. punkt 5.3.3. det er per 2019 tre tomter som er fradelt, og hvor formålet er å bygge fritidsbolig på tomten.

Punkt 10 i retningslinjer for byggetiltak i Grytdalen revideres til, (2019):

Ubebygde deler av tomten skal bevares uten irreversible inngrep i terrenget. Busker, trær og større steiner må ikke fjernes. Det er tillatt å legge vannledning fra liten bekk, tjern med hensyn til vannkilde, men maks 150 m fra fritidsbolig. Små terrenginngrep for håndmakt for å evt. skjule vannledning er tillat. Vannledning skal ikke være større dimensjonert enn 32 mm.

Hver enkelt sak må særskilt behandles etter verneforskriften for verneområdet for Setesdal- Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde.


## Saksopplysninger

### Bakgrunn

Forvaltningsmyndigheten i 2006 for Setesdal- Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde vedtok egne retningslinjer for byggetiltak i Grytdalen hytteområde. Dette er ikke et juridisk bindende dokument og dagens verneområdestyret ser det hensiktsmessig gjøre små vurderinger ved noen av punktene. Bakgrunnen for dette er at forvaltningssekretariatet har mottatt flere søknader om blant annet framføring av vannledning til noen av hyttene i Grytdalen samt andre småtiltak som innebærer inngrep på deler av tomt som er ubebygget.

Verneområdestyret hadde ei drøfting av forholdene i Grytdalen 5.11.2018 som konkluderte med at; før det blir tatt tak i enkeltsaker i området ønsker verneområdestyret at det blir gjort en revisjon av retningslinjene. Med siktemål å blant annet åpne for framføring av vannledninger.

Retningslinjene fra 2006 er ikke oppdatert på tomter som er fradelt for bygging av fritidshytter. Hvor mange tomter som er igjen må komme klart frem av reviderte retningslinjer.



*Tre tomter er merket med mørk grønn hvor det kan realiseres fritidsbolig.*



21 februar 2019 sendte sekretariatet for SVR ut et varselbrev til samtlige hytteeiere der det ble åpnet for innspill til revidering av retningslinjene. Sekretariatet mottok fire henvendelser fra hyttefolket. Kort oppsummert omhandlet dette om å åpne opp for vannledning, små terrenginngrep og noen har påpekt eiendomsgrensene og feil gnr/bnr. Sistnevnte har sekretariatet tatt opp med Sirdal kommune.

#### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

#### Hjemmelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde:

“1.Å ta vare på et sammenhengende, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområder, beitelandskap og kulturminner.

2.Å ta vare på et sammenhengende fjellområde som leveområde for den sørligste villreinstammen i Europa. “

Verneforskriftens kapittel IV punkt 1.1 forbyr inngrep som “vesentlig kan endre landskapets art eller karakter».

Naturmangfoldloven § 48, dispensasjon når det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig:

Det er to vilkår for dispensasjon etter denne bestemmelsen og begge vilkårene må være utfylt for at dispensasjon kan gis:

- 1) Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig, og
- 2) Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.

#### **Vurdering**

Punkt 1 i retningslinjer for byggetiltak i Grytdalen, godkjent 2006:

Forvaltningsplanen åpner for realitetsbehandling og realisering av resterende utbygging av grytdalen som dispensasjonssaker, jf. punkt 5.3.3. på vernetidspunkt var det ni tomter som var fradelt, og hvor formålet var å bygge fritidsbolig på tomten.

Ved revidering av retningslinjene er det igjen tre tomter for utbygging. Dette er bekreftet av Sirdal kommune per e-post datert 5.juni 2019.

Punkt 1 revideres til, (2019):

Forvaltningsplanen åpner for realitetsbehandling og realisering av resterende utbygging av grytdalen som dispensasjonssaker, jf. punkt 5.3.3. det er per 2019 tre tomter som er fradelt, og hvor formålet er å bygge fritidsbolig på tomten.

Punkt 10 i retningslinjer for byggetiltak i Grytdalen, godkjent 2006:

Ubebygde deler av tomten skal bevares uten inngrep i terrenget. Busker, trær og større steiner må ikke fjernes. Det er heller ikke tillatt med andre terrenginngrep for fremføring av kabler/vann og avløpsledninger o.l.

Slik vi tolker tiltak som vannledning og andre inngrep på ubebygd del av tomten opp mot verneforskrift for SVR og retningslinjene for Grytdalen er tiltaket i utgangspunktet forbudt.

jf. verneforskrift kapittel III. pkt. 1.1 skal det ikke gjøres inngrep som vesentlig kan endre eller innvirke på landskapet sin art eller karakter. Her er det blant annet tatt med: oppføring av jordkabler, rør eller luftledning som vi vurderer tiltaket hører inn under.

Retningslinjene for Grytdalen er også tydelige med hensyn til at ubebygde deler av tomten skal bevares uten inngrep i terrenget. Det er ikke tillatt med terrenginngrep for fremføring av kabler/vann og avløpsendringer og lignende.

Det er ca. 50 hytter i Grytdalen, og mange av hyttene har en eller annen form for tilkobling av vann der de fleste har et rør med kran på utsiden av hytta. Det kan virke som flere hytteeiere tøyer reglene som er gitt for område og etablerer seg en eller annen form for tilkobling fra en vannkilde. Dette kan skyldes at flere av hyttene var bygget før området ble vernet.

Inngrepet med tanke på å legge en vannledning er av reversibel karakter; i et allerede etablert hyttefelt kan tiltakene vurderes om vilkårene i § 48 i naturmangfoldloven kan oppfylles.

Inngrepet isolert sett er av bagatellmessig karakter og vil ha en begrenset virkning for verneverdiene. Inngrepets art, omfang og plassering gjør at tiltaket ikke strider mot formål med vernet.

Grytdalen er et allerede etablert hyttefelt med til sammen nærmere 50 fritidshytter. Området er i dag belastet med mye ferdsel og høy bruk av hyttene hele året. De fleste hytter har i dag en eller annen form for vannledning fra en bekk eller tjern knyttet til seg med en tappekran på utsiden av hytta.

Punkt 10 i retningslinjer for byggetiltak i Grytdalen revideres til, (2019):

Ubebygde deler av tomta skal bevares uten terrenginngrep. Busker, større trær og steiner må ikke fjernes. Det kan søkes om å legge vannledning fra vannkilde maks. 150 meter fra fritidsbolig. Vannledning skal graves ned for hånd. Størst tillatte diameter på vannledning er 32. mm. For god samordning og for å avgrense lengda på ledingsnett



er det krav om felles plan for framføring av vatn til fritidsboligene. Søker har selv ansvaret for å hente inn nødvendige tillatelser fra Sirdal kommune.

## Retningslinjer for byggetiltak innenfor sone fire i Grytdalen hytteområde:

- 1) Forvaltningsplanen åpner for realitetsbehandling og realisering av resterende utbygning i Grytdalen som dispensasjonssaker, jfr. punkt 5.3.3. På vernetidspunktet var det ni tomter som var fradelt, og hvor formålet var å bygge fritidsbolig på tomten. Dette gjelder følgende ni tomter, 2/16, 2/20, 2/25, 2/45, 2/48, 2/54, 2/57, 2/62 og 2/73.
- 2) Forvaltningsplanen åpner også opp for utvidelse av eksisterende bebyggelse, jfr. punkt 5.3.1. Fremtidige utvidelse i Grytdalen må imidlertid ikke endre landskapets art og karakter vesentlig fra det som i dag fremstår som et småskala terrengtilpasset hyttefelt, jfr. punkt 5.3.3. Den totale bygningsmassen på den enkelte eiendom i Grytdalen varierer. Gjennomsnittsareal for hytter inkludert tilleggsbygninger er omtrent 75 kvadratmeter bebygd areal (BYA). Med tilleggsbygning menes uthus, redskapsbod, vedskjul, anneks og lekehytte eller andre frittstående bygg. Tilleggsbygningen skal ikke ligge lenger fra hovedbygningen enn 4 meter
- 3) For å sikre at fremtidige utvidelser ikke kommer i strid med forskriftens formål og forvaltningsplanens retningslinjer for byggetiltak i Grytdalen, settes øverste samlede T-BRA/ BYA til 75 kvadratmeter. Kommunen kan i den enkelte sak vurdere om uthus og lignende bør ordnes i flere mindre enheter eller bygges inntil eksisterende bygning.
- 4) Det gis ikke tillatelse til oppgradering av uthus til fritidsbolig (bygging av eldsted). Det er kun tillatt med kjøkken i hovedbygningen på tomten
- 5) Terrasseareal begrenses oppad til 20 kvadratmeter. Terrassen skal legges mest mulig ned på bakken, slik at arealet ikke regnes med til BYA. Det er ikke tillatt med rekkverk. Plassering av terrassen skal godkjennes av kommunen.
- 6) Ved nybygg settes maksimal mønehøyde til 5,5 meter. Mønehøyden måles fra gjennomsnittelig terreng. Gesimshøyden settes til 4,5 meter. Gesimshøyden måles fra gjennomsnittelig terreng. Utvidelse av eksisterende bebyggelse skal holdes innenfor eksisterende mønehøyde/gesimshøyde. Møneretningen på bygningen skal følge terrenget
- 7) Ved utvidelser eller nybygg skal høgste punkt mellom terreng og underkant hytte ikke overstige 70 cm. Det skal kles mellom pilarene.
- 8) Det tillates ikke oppsatt gjerde rundt hyttene. Utenomhusanlegg som flaggstenger, vindmøller, større antenneanlegg og lignende er ikke tillatt.
- 9) Bebyggelsen skal ha mørke duse farger som bryter minst mulig med naturpreget i området. Alle utvendige bygningsdeler inklusive vindskeier, vindusinnramminger og hjørnebord skal ha samme mørkhetsgrad. Det er ikke tillatt med lyse eller sterke farger som gir store kontraster til omgivelsene. Taktekking skal utføres med tekkingsmaterialer som har en matt og mørk virkning.
- 10) Ubebygde deler av tomten skal bevares uten inngrep i terrenget. Busker, trær og større steiner må ikke fjernes. Det er heller ikke tillatt med andre terrenginngrep for fremføring av kabler/ vann- og avløpsledninger og lignende.
- 11) For nye bygg fastsettes krav om detaljplan som del av søknadsgrunnlaget. Planen skal være målsatt og vise planlagt plassering, utforming, atkomststi og inngreps grense i forholdt til planlagt bygg/ bevaring av uberørt terreng mv.



**ST 23/19 Eventuelt**